# MASFJORDEN KOMMUNE

# Møtebok for Kommunestyret

Den 21.06.2012 kl 09:00 – 16.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 054/12 - 070/12
Innkalling til møtet var sendt ut den: 13.06.12.

**Desse møtte:**

| **Arbeiderpartiet:** | **Høgre:** | **Senterpartiet:** |
|---|---|---|
| Ragnvald Tangedal | **Karstein Totland, ordførar** | Vigdis Jorunn Søvik |
| Arthur Reidar Sjursen | Frode Langhelle | Laila Haukeland, vara |
| Bjørn Egil Nordland | Wenke Fredheim Ekren | |
| | Lene Hansen Kvamsdal | |
| | John Torgeir Torsvik | |
| | Vebjørn Haugsdal, vara | |
| | Kjell Løvik frå sak 63/12 for Frode Langhelle | |
| | | |
| **FORFALL:** | **FORFALL:** | **FORFALL:** |
| | Kjetil Fjellby | Jon Terje Sætre |
| | Frode Langhelle frå sak 63/12 | |

| **Kristeleg Folkeparti:** | **Framstegspartiet:** | **Venstre:** |
|---|---|---|
| Marit Steinestø, varaordførar | Willy Borge | Egil Kvingedal |
| Lillian Andvik | **Jostein Duesund, vara** | Tove K. Sleire Tistel |
| | | |
| **FORFALL:** | **FORFALL:** | **FORFALL:** |
| | Erlend Kvamsdal | |

**Frå administrasjonen møtte:**

| |
|---|
| Rådmann Svein Helge Hofslundsengen |
| Rådgjevar Anne Kristin Rafoss til saknr. 66/12, 68/12 og 69/12 |
| Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø til saknr. 66/12, 68/12 og 69/12 |
| Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl til saknr. 65/12 |
| Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka |

| **Ugilde** | **Sak** | **Følgjande varamedl. møtte** |
|---|---|---|
| | | |

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | Ordførar Karstein Totland |
| **Utlevert i møtet:** | Tilleggsakliste: Sak nr 68/12 Kraftleidning Modalen Mongstad og Uttale frå Håkon Matre på vegne av grunneigarane til sak 68/12<br>Sak nr 69/12 Stordalen skisenter, val av kommunal representant til styret<br>Sak 70/12 Reguleringsplan – utviding av Skjerjebakken gravplass |
| | |

| | |
|---|---|
| **Orientering:** | • Marianne Urdal Henanger, Marit Midtgård og Ingrid Reknes frå Ungdomskontakten Salto orienterte om arbeidet som dei driv.<br><br>• Psykiatrisk sjukepleiar Dag Haarklau og Kamilla Haukeland frå NAV møtte for å orientera om prosjektet Førebygging mot rus. |
| | |

| | |
|---|---|
| **Sp.mål/interpell.:** | Interpellasjonar og skrifteleg spørsmål skal handsamast fyrst i møtet og skal ha kome inn skriftleg.<br>Ingen interpellasjonar innkomen til dette møtet. |
| **Synfaring:** | |
| **Diverse:** | Årsmelding 2011 frå NGIR utdelt i møtet |
| | |
| **NVE-Høyringsdokument av søknad om overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet** | Ordførar Karstein Totland orienterte tilslutt i møtet om at Masfjorden kommune har motteke høyringsdokument frå NVE. Høyringsfrist er sett til 20. august 2012.<br>Totland spurde kommunestyret om det er greitt at ein søkjer om å få utsett høyringsfristen slik at formannskapet kan ta denne saka til hausten.<br>Kommunestyret samtykte i dette. |

Ordførar Karstein Totland ynskte velkomen til det siste kommunestyremøte før sommarferien. Han opplyste om at det ville bli servert raspeballar på kafeen kl. 13.00. Totland orienterte om tilleggssakene som var utsendt på epost og som ville bli utdelt i møtet.

**Innkallinga vart godkjent.**

**Sakslista vart godkjent.**

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Arthur Sjursen og Lene Hansen Kvamsdal til å skriva under møteboka.

**Dette vart samrøystes vedteke.**

# Sakliste


| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
|---|---|---|---|
| 054/12 | 12/418 | Godkjenning av møteprotokoll | 5 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 055/12 | 11/607 | Gulatings lagmannsrett - val av lagrettemedlemmer - meddommarar frå 2013 | 6 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 056/12 | 11/704 | Nordhordland Tingrett - meddommarar - 2013 til 2017 | 10 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 057/12 | 11/609 | Val av forliksråd for valbolken frå 1. jan. 2013 - til 1. jan. 2017 | 14 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 058/12 | 11/703 | Jordskiftedommarar frå 1. januar 2013 - til 1. jan. 2017 | 18 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 059/12 | 11/479 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2011 - 2015 | 21 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 060/12 | 12/57 | Budsjettrevisjon av årsbudsjettet for 2012 | 24 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 061/12 | 12/360 | Rammer for årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013-16 | 39 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 062/12 | 10/190 | Høyringsuttale NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak | 58 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 063/12 | 11/737 | Bustadprosjekt Einekavane på Matre | 67 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 064/12 | 12/327 | Regional transportplan Hordaland 2013 - 2024 - høyringsframlegg | 73 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 065/12 | 12/14 | Samhandlingsreforma - avtalar frå 01.07.12 med helseføretak | 82 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 066/12 | 10/827 | Områdeplan for Matre - endeleg handsaming | 86 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 067/12 | 12/417 | Skriv og meldingar | 92 |

| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
|---|---|---|---|
| 068/12 | 09/213 | BKK Nett AS - 300 kV kraftleidning Mongstad - Modalen | 95 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 069/12 | 12/434 | Stordalen skisenter - val av kommunale representantar til styret | 108 |
| **Sak nr.** | **Arkivsaknr** | **Sakstittel** | **Sidetal** |
| 070/12 | 10/211 | Reguleringsplan – utviding av Skjerjebakken gravplass – endeleg handsaming | 110 |

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 054/12 | Anne Kristin Rafoss |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N- | **Arkivsaknr.: 12/418** |

# SAK 054/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå kommunestyret den 31.05.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

## KS-054/12 VEDTAK:

**Møteprotokollen frå kommunestyret den 31.05.2012 vert godkjent slik han ligg føre.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Bjørn Egil Nordland, Ap, synte til sak i førre kommunestyremøte om barnehagebetaling der der det i etterkant vart oppdaga at ein av representantane deira hadde røysta feil. Røystinga var den gongen gjennomført ved handsopprekking. Det hadde ikkje noko å sei for utfallet av den aktuelle saka, men ein vil be ordførar om at ein alltid reiser seg når det skal røystast slik at det ikkje blir forveksla med at ein ynskjer ordet.

Ordførar Karstein Totland sa at han følgja oppmodinga frå Nordland.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Valnemnda | 21.05.2012 | 001/12 | Gerd Allis Håheim |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 055/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-022.3 | **Arkivsaknr.: 11/607** |

# SAK 055/12 - GULATINGS LAGMANNSRETT - VAL AV LAGRETTEMEDLEMMER - MEDDOMMARAR FRÅ 2013

## Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Lagt fram utan tilråding.

**Grunngjeving:**
Ny domsstollov som seier at valet skal føregå innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet. Noverande meddommarar/lagrettemedlemmer er i funksjon til 1. januar 2013.

**Heimel**
Domstollova §§ 65 – 69 og §§ 73 – 76, og til Justisdepartementet sitt rundskriv dagsett 24.06.03 m/lovendringar

**Utskrift til:**
Dei valde
Førstelagmannen i Gulating, Postboks 7414, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen

## VALN-001/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**Gulatings lagmannsrett – lagrettemedlemmer/meddommarar frå 1. januar 2013**

| Kvinner: | Menn: |
|---|---|
| **Liv Oda Dale** | **Kjell Løvik** |
| **Bente Karin Kvinge** | **Sigmund Holmaas** |

**Det skjedde i Valnemnda den 21.05.2012:**
Saka vart drøfta.

Valnemnda vart samde om at dei personane som har vore i førre periode vart valt inn på nytt. Dei er blitt førespurd.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

# KS-055/12 VEDTAK:

**Gulatings lagmannsrett – lagrettemedlemmer/meddommarar frå 1. januar 2013**

| Kvinner: | Menn: |
|---|---|
| Liv Oda Dale | Kjell Løvik |
| Bente Karin Kvinge | Sigmund Holmaas |

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Valnemnda si tilråding vedtak vart samrøystes vedteke.

# SAKSTILFANG:

# SAKSUTGREIING

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 2 | I | 07.11.2011 | Terje Karterud | Valg av lagrettemedlemmer og meddommere for perioden 1. januar 2013 til 31. desember 2016 |
| 3 | I | 28.02.2012 | Janicke Gulating Lagmannsrett v/Vognstølen | Val av lagrettemedlemmer og meddomarar for Gulating lagmannsrett |
| 4 | I | 11.04.2012 | Domstoladministrasjonen | Rapportering av val på lagrettemedlemmer - meddommarara og skjønnsmenn for perioden 01.01.13 - 31.12.16 |

**Meddommarar til Gulatings lagmannsrett frå 1. mai 2008 til . jan. 2013:**

| Kvinner: | Menn: |
|---|---|
| Liv Oda Dale | Kjell Løvik |
| Bente Karin Kvinge | Sigmund Holmaas |

## BAKGRUNN

## KS-130/11 VEDTAK DEN 10.11.2012 :

**Lagrettedommarar til Gulatings lagmannsrett vert utsett til hausten 2012.**

**Grunngjeving:**

Ny domsstollov som seier at valet skal haldast innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet.

Noverande meddommarar/lagrettemedlemmer er i funksjon til 1. januar 2013.

**Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:**

**Kommunestyret vedtok samrøystes valnemnda si innstilling om å utsetja saka.**

## BAKGRUNN

Det skal veljast to kvinner og to menn frå Masfjorden.

Det har ikkje kome innspel frå dei som var valt ved førre val om at dei ikkje vil stilla på nytt.

**Endringar i domstollova som kom ved førre val:**
I brevet frå Domstoladm. Og Nordhordland Tingrett står dei viktigaste endringane;

- Krav til mest mogleg allsidig sammensetning i utvala

- Valperioden vert forskyvd i høve til kommunevalet
  **Valtidspunktet vert flytta til 15. oktober året etter kommunevalet**

- Valperiodens start vert flytta frå 1. mai etter kommunevalet til 1. januar same år som stortingsvalet.
- Dette fordi valperioden ikkje lenger skal vera knytta til valet av politiske utval etter kommunevalet, jf. Domstollova § 66.

**Overgangsreglar:**

**Andre endringar i lova:**
- Meir detaljerte personlege krav til valgbarheit
- Fleire grupper er utelukka frå val pga av stilling
- Strengare krav til vandel
- Særskilte utval av fagkyndige meddommarar fell bort

Valperioden for dei som blir vald no vert noko lengre enn for fire år sidan utvala skal vera i funksjon frå 1. mai 2008 til 1. januar 2013.

Domstollova § 65 har bestemmelsar om kor mange meddommarar som skal veljast. Tingretten er pålagt innen utgangen av august 2007 å gje kommunane innan retskretsen melding om behovet for tal dommarar.

**For Masfjorden kommune skal det veljast to kvinner og to menn.**

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Valnemnda | 21.05.2012 | 002/12 | Gerd Allis Håheim |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 056/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-022.3 | **Arkivsaknr.: 11/704** |

# SAK 056/12 - NORDHORDLAND TINGRETT - MEDDOMMARAR - 2013 TIL 2017

### Valnemnda sitt framlegg til vedtak:
Lagt fram utan tilråding.

**Grunngjeving:**
Ny domstollov som seier at valet skal føregå innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet.
Noverande meddomarar er i funksjon til 1. januar 2013.
**Heimel**
Domstollova § 65 m/endringar av 15.07.07 nr 38

**Utskrift til:**
Dei valde
Nordhordland Tingrett, Postboks 7418, 5020 Bergen

## VALN-002/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**Nordhordland tingrett – meddommarar frå 0101l.2013 til 01.01.2017:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Helga Hodne | 9 | Arne Berg |
| 2 | Vidgis Søvik | 10 | Eivind Molland |
| 3 | Lise Dyrhovden, ny | 11 | Harald Matre |
| 4 | Jannicke Johnsen | 12 | Arne Toralf Mjanger |
| 5 | Leila Torsvik Andvik | 13 | Arne Hindenes |
| 6 | Åse Areklett | 14 | Willy Borge |
| 7 | Sigrun Andvik, ny | 15 | Svein Kvamsdal, ny |
| 8 | Britt Nordland | 16 | Magnar Nordli |

**Det skjedde i Valnemnda den 21.05.2012:**
Valnemnda drøfta saka.
Ein person hadde meldt frå om å ikkje ta attval og ein person var død.
Valnemnda har førespurd to nye personar og var elles samde om at dei personane som sat i førre periode var gode kandidatar og kunne bli valt inn for ein ny periode.
Valnemnda tilrår samrøystes kommunestyret å vedta framlegget frå valnemnda.

# KS-056/12 VEDTAK:

**Nordhordland tingrett – meddommarar frå 0101l.2013 til 01.01.2017:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **1** | **Helga Hodne** | **9** | **Willy Borge** |
| **2** | **Vidgis Søvik** | **10** | **Eivind Molland** |
| **3** | **Lise Dyrhovden, ny** | **11** | **Harald Matre** |
| **4** | **Jannicke Johnsen** | **12** | **Arne Toralf Mjanger** |
| **5** | **Leila Torsvik Andvik** | **13** | **Arne Hindenes** |
| **6** | **Åse Areklett** | **14** | **Arne Berg** |
| **7** | **Sigrun Andvik, ny** | **15** | **Svein Kvamsdal, ny** |
| **8** | **Britt Nordland** | **16** | **Magnar Nordli** |

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Leiar i valnemnda Tove Kristin S. Tistel gjorde framlegg om ei endring i framlegget om at nr 14 Willy Borge vert flytta opp til nr 9 og Arne Berg vert flytta til nr 14.

**Framlegg til vedtak med endringsframlegget frå Tove Kristin S. Tistel vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 2 | I | 22.02.2012 | Nordhordland Tingrett | Vedr val a meddommarar for perioden 01.01.2013 til 31.12.2016 |

**Meddommarar til Nordhordland Tingrett frå 1. mai 2008 – 1. jan. 2013:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Helga Hodne | 9 | Arne Berg |
| 2 | Vigdis Søvik | 10 | Eivind Molland |
| 3 | Kjellaug Merkesdal | 11 | Harald Matre |
| 4 | Jannicke Johnsen | 12 | Arne Toralf Mjanger |
| 5 | Leila Torsvik Andvik | 13 | Arne Hindenes |
| 6 | Åse Areklett | 14 | Willy Borge |
| 7 | Sølvi Alice Øksnes | 15 | Ingvar Sleire |
| 8 | Britt Nordland | 16 | Magnar Nordli |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

## KS-131/11 VEDTAK DEN 10.11.2011:
**Val av meddommarar til Nordhordland Tingrett vert utsett til hausten 2012.**

**Grunngjeving:**
Ny domstollov som seier at valet skal haldast innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet. Noverande meddommarar er i funksjon til 1. januar 2013.

**Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:**
**Kommunestyret vedtok samrøystes valnemnda si innstilling om utsetjing av saka.**

# SAKSUTGREIING:

**Seier frå seg attval:**
- Kjellaug Merkesdal

## BAKGRUNN

I lov av 15.07.07 nr 38 vart det vedteke nye reglar om lekdommarar ved domstolane.

**Dei viktigaste lovendringane er:**

- Kommunane skal sørgja for at utvala av lekdommarar frå ein allsidig samansetning. Slik at dei best mogleg representerer alle delar av befolkninga
- Det vert innført ei øvre aldersgrense på 70 år. Den nedre aldersgrensa vert sett opp til 21 år (framleis 25 år for forliksrådsmedlemer), jfr. domstollova § 70.
- Det vert stilt strengare krav til vandel for å kunna gjera teneste som lekdommar
- Ordning med val av særskilt utval av fagkyndige meddommarar fell bort

- **Valtidspunktet vert flytta til 15. okt. året etter kommunevalet. Valperioden start vert flytta til 1. mai året etter kommunevalet og til 1. januar same år som stortingsvalet. Dette fordi valperioden ikkje lenger skal vera knytta til valet av politiske utval etter kommunestyrevalet, jfr. domstollova § 66.**

**Overgangsreglar:**
Valperioden vert noko lengre for dei som vart valt i noverande periode, sidan utvala skal vera i funksjon frå 1. mai 2008 og til 1. januar 2013.

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Valnemnda | 21.05.2012 | 004/12 | Gerd Allis Håheim |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 057/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-022.3 | **Arkivsaknr.: 11/609** |

# SAK 057/12 - VAL AV FORLIKSRÅD FOR VALBOLKEN FRÅ 1. JAN. 2013 - TIL 1. JAN. 2017

## Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

**Lagt fram utan tilråding.**

**Heimel**
Domstollova §§ 57 og 58
Kommunestyret vel medlemer til forliksrådet.
Kommunestyret vel deretter leiar av dei valde medlemene.
I samsvar med kommunestyret sitt vedtak og domstollova § 58, oppnemner så Fylkesmannen medlemer og varamedlemer av forliksrådet i Masfjorden kommune.

**Utskrift til:**
Dei valde
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen

## VALN-004/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**Masfjorden forliksråd for valbolken frå 1. januar 2013 til 1. januar 2017:**

| **Medlemer:** | **Varamedlemer:** |
|---|---|
| **Terje Myrvang, leiar**<br>**Bernhard Krokås** | **1. Gerd Allis Håheim**<br>**2. Wenke Fr. Ekren**<br>**3. Frode Haugsvær** |
| **Liv Oda Dale** | |

- Varamedlemer skal kallast inn i den rekkefylgje dei er nemnt.
- Dersom leiar har forfall, skal den som står etter han i oppnemninga tre inn som leiar.

**Det skjedde i Valnemnda den 21.05.2012:**
Inger Jåstad som sat i førre periode hadde sagt frå seg attval.
Valnemnda var samrøystes i at Terje Myrvang og Bernhard Krokås vart valde inn for ein ny periode og at Liv Oda Dale vart valt inn som ny medlem. Ho har vorte førespurd. Valnemnda var og samrøystes i dei sitjande varamedlemmene vart valt inn for ein ny periode.

# KS-057/12 VEDTAK:

**Masfjorden forliksråd for valbolken frå 1. januar 2013 til 1. januar 2017:**

| Medlemer: | Varamedlemer: |
|---|---|
| **Terje Myrvang, leiar**<br>**Bernhard Krokås** | **1. Gerd Allis Håheim**<br>**2. Wenke Fr. Ekren**<br>**3. Frode Haugsvær** |
| **Liv Oda Dale** | |

- Varamedlemer skal kallast inn i den rekkefylgje dei er nemnt.
- Dersom leiar har forfall, skal den som står etter han i oppnemninga tre inn som leiar.

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

**Valnemnda si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 3 | I | 15.12.2011 | Justis- og politidepartementet | Val av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2012 |

# SAKSUTGREIING:

# Bakgrunn:

## Masfjorden forliksråd i perioden 1. mai 2008 – 1. jan. 2013:

| Medlemer: | Varamedlemer: |
|---|---|
| 1. Terje Myrvang, leiar | 1. Gerd Allis Håheim<br>2. Wenke Fredheim Ekren<br>3. Frode Haugsvær |
| 2. Bernhard Krokås | |
| 3. Inger Jåstad | |

- Varamedlemer skal kallast inn i den rekkefylgje dei er nemnt.
- Dersom leiar har forfall, skal den som står etter han i oppnemninga tre inn som leiar.

# SAKSUTGREIING:

## KS-128/11 VEDTAK FRÅ 10.11.2011 ETTER INNSTILLING FRÅ VALNEMNDA:

*Masfjorden forliksråd i perioden 2013 til 2017*
*Val av forliksråd for perioden 2013 – 2017 vert utsett til hausten 2012.*

**Grunngjeving:**
Ny domstollov som seier at valet skal haldast innan eitt år etter kommunestyrevalet.
Noverande forliksråd fungerar til januar 2013.

**I samsvar med kommunestyret sitt vedtak og domstollova § 58, oppnemner så Fylkesmannen medlemer og varamedlemer av forliksrådet i Masfjorden kommune.**

Det vil sei at valet skal innrapporterast til fylkesmannen. Dersom fylkesmannen finn at valet er lovleg oppnemner han dei valde etter den rekkefølgje som er fastsett ved valet.
Fylkesmannen skal føra tilsyn med forliksrådet sitt arbeid.

**Desse seier frå seg attval:**
Inger Jåstad har sagt frå seg attval.

Terje Myrvang og Bernhard Krokås som har vore med i forliksrådet i fleire periodar har ikkje sagt frå seg attval.
Eit av medlemmene i forliksrådet må vera ei kvinne.

## BAKGRUNN

**Orientering:**
I fylgje endring i domstollova § 57 første ledd inneber at for framtida skal valet av forliksrådsmedlemer føregå innan 15. okt. året etter kvart kommunestyreval og gjelda i 4 år frå 1. januar det påfylgjande år.

**Overgangsreglar:**
Etter kommunevalet hausten 2007 skulle det nye kommunestyret sjølv velja forliksrådsmedlemer innan 15. jan. 2008. Valet ville så gjelda for perioden 1. mai 2008 til 1. januar 2013.

Valet skal etter lova føregå innan 15. oktober året etter kvart kommunestyreval.

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Valnemnda | 21.05.2012 | 003/12 | Gerd Allis Håheim |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 058/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-022.3 | **Arkivsaknr.: 11/703** |

# SAK 058/12 - JORDSKIFTEDOMMARAR FRÅ 1. JANUAR 2013 - TIL 1. JAN. 2017

## Valnemnda sitt framlegg til vedtak:
Lagt fram utan tilråding.

**Grunngjeving:**
Ny domstollov som seier at valet skal føregå innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet.
Noverande jordskiftedommarar er i funksjon til 1. januar 2013.

**Heimel**
Domstollova av 13. aug. 1915 nr 5, §§ 66-68 med endringar av 15.07.07 nr 38
Jordskiftelova av 21.des. 1979 nr 77 om jordskifte o.a. § 8.

Masfjorden kommune skal ha eit utval på 16 medlemmer.
**Endring domstollova frå 15.07.07:**
Valtidspunktet vert rekna frå 15. okt. året etter kommunestyrevalet. Valperiodens start vert rekna frå 1. jan. same år som stortingsvalet.
**Overgangsreglar: Valperiode frå 1. mai 2008 til 1. jan. 2013.**

**Utskrift til:**
Dei valde
Nord- og Midthordland jordskifterett, Postboks 7316, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen

# KS-058/12 VEDTAK :

## Jordskiftedommarar frå 1. januar 2013 til 1. janurar 2017:

| | | | |
|---|---|---|---|
| **1** | **Gunnar Andvik** | **9** | **Anna Haugsdal** |
| **2** | **Frode Lasse Vågseth** | **10** | **Heidi Romarheim** |
| **3** | **Eivind Molland** | **11** | **Oddrun Sætre** |
| **4** | **Harry Daae, ny** | **12** | **Olaug Tveit** |
| **5** | **Jan Fauskanger** | **13** | **Kari Areklett** |
| **6** | **Hans Daae** | **14** | **Britt S. Daae** |
| **7** | **Bjørn Egil Nordland** | **15** | **Tove Kristin S. Tistel, ny** |
| **8** | **Helge Andvik** | **16** | **Grethe Haugsvær** |

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

**Valnemnda si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# VALN-003/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

## Jordskiftedommarar frå 1. januar 2013 til 1. janurar 2017:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Gunnar Andvik | 9 | Anna Haugsdal |
| 2 | Frode Lasse Vågset | 10 | Heidi Romarheim |
| 3 | Eivind Molland | 11 | Oddrun Sætre |
| 4 | Harry Daae, ny | 12 | Olaug Tveit |
| 5 | Jan Fauskanger | 13 | Kari Areklett |
| 6 | Hans Daae | 14 | Britt S. Daae |
| 7 | Bjørn Egil Nordland | 15 | Tove Kristin S. Tistel, ny |
| 8 | Helge Andvik | 16 | Grethe Haugsvær |

**Det skjedde i Valnemnda den 21.05.2012:**

Valnemnda drøfta saka og vart samde om to nye personar. Dei 14 andre fann valnemnda var gode kandidatar og kunne bli valt inn for ein ny periode.
Valnemnda tilrår samrøystes kommunestyret å vedta valnemnda sitt framlegg som ligg føre.

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 2 | I | 07.02.2012 | Nord- og Midthordland jordskifterett | Val av jordskiftedommarar til jordskifteretten |

**Jordskiftedommarar for perioden 1. mai 2008 til 1. jan. 2013:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Gunnar Andvik | 9 | Anna Haugsdal |
| 2 | Frode Lasse Vågset | 10 | Heidi Romarheim |
| 3 | Eivind Molland | 11 | Oddrun Sætre |
| 4 | Rune Langhelle | 12 | Olaug Tveit |
| 5 | Jan Fauskanger | 13 | Kari Areklett |
| 6 | Hans Daae | 14 | Britt S. Daae |
| 7 | Bjørn Egil Nordland | 15 | Magnhild Kvinge |
| 8 | Helge Andvik | 16 | Grethe Haugsvær |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

Kvar kommune skal ha eit særskilt utval for jordskiftedommarar. Masfjorden kommune skal ha 16 medlemmer.
Det har ikkje kome inn melding om at dei som no er jordskiftedommar seier frå seg attval. Valnemnda bør likevel vurdera kandidatane i høve alder osv.

**Endringar i domstollova frå 15.07.07:**

- Dei som blir valde skal ha fylt 21 år. (før 18) – øvre aldersgrense er 70 år.
- Krav til mest mogleg allsidig samensetnad av utvala
- Valperioden vert forskyvd i høve kommunevalet
- Meir detaljerte krav til valgbarheit
- Fleire gruppe utelate pga av stilling
- Strengare krav til vandel
- Særskilte utval av fagkunnige fell bort.

**Dei som blir valde skal vera kunnige i saker som jordskifteretten vanlegvis handsamar i kommunen. Det bør og takast omsyn til at det som oftast er synfaring i samband med saker i jordskifterett.**

Medlemmene som blir valde bør ha ulik bakgrunn og alder. Ein viser til likestillingslova § 21 om at kvart kjønn skal vera representert med minst 40 % av medlemmene.

Lagrettemedlemmer og andre meddommarar er ikkje fritekne for val til jordskifteutvalet. (jordskiftelova § 8)

Det er presisert at utvalslista skal innehalda fullt namn, adresse, fødselsnummer, yrke og stilling og evt telefonnummer til arbeidsstad og privat, jfr. domstolslova § 80.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Valnemnda | 21.05.2012 | 005/12 | Gerd Allis Håheim |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 059/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-022.3 | **Arkivsaknr.: 11/479** |

# SAK 059/12 - RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE FOR PERIODEN 2011 - 2015

## Valnemnda sitt framlegg til vedtak:
**Lagt fram utan tilråding.**

**Heimel**
Arbeids- og administrasjonsdepartementet - Lov om råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Lova vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005.
Etter denne lova skal alle kommunar ha eit råd eller ei anna representasjonsordning for denne gruppa. Lova trådde i kraft 10.09.07.

## VALN-005/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**Frå brukargruppenene:**

| **Namn på medlem:** |
|---|
| 1. Anne Kari Mjanger |
| 2. Heidi Kolle Andvik |
| 3. Laila Nyland |

**Frå politikarane:**

| **Namn på medlem:** |
|---|
| 1. Bjørn Egil Nordland |
| 2. Marta Midtbø |

**Det skjedde i Valnemnda den 21.05.2012:**

Valnemnda drøfta saka.

Samrøystes framlegg frå valnemnda er:
Anne Kari Mjanger, Heidi Kolle Andvik og Laila Nyland (brukarane) og
Bjørn Egil Nordland og Marta Midtbø, ev. Willy Borge frå politikarane.

# KS-059/12 VEDTAK:

**Frå brukargruppenene:**

| **Namn på medlem:** |
|---|
| 1. Anne Kari Mjanger |
| 2. Heidi Kolle Andvik |
| 3. Laila Nyland |

**Frå politikarane:**

| **Namn på medlem:** |
|---|
| 1. Bjørn Egil Nordland |
| 2. Marta Midtbø |

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

**Valnemnda si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

# SAKSUTGREIING:

| **Nr** | **T** | **Brevdato** | **Avsendar/Mottakar** | **Tittel** |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 14.07.2011 | SAFO Vest | Oppnemning av brukarrepresentantar til kommunel råd for fufnksjonshemma |
| 2 | I | 03.10.2011 | Alf Are Skog | Forslag på kandidat til råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne for perioden 2012 til 2016 Masfjorden kommune |
| 5 | I | 15.05.2012 | Hordaland fylkeskommune | Årsmelding 2011 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne |

## BAKGRUNN

## VALN-007/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**
**for valbolken 2011 – 2015:**

**Frå brukargruppene:**

| Namn på medlem: |
|---|
| 1. Anne Karin Mjanger |
| 2. Marit Haukeland |
| 3. Laila Nyland |

**Frå politikarane:**

| Namn på medlem: |
|---|
| 1. Bjørn Egil Nordland |
| 2. Marta Midtbø |

**Det skjedde i Valnemnda den 01.11.2011:**
Valnemnda synte til drøfting i kommunestyret om samanslåing av utval.
Det har og kome innspel frå administrasjonen på å slå saman dette utvalet med eldrerådet.
Valnemnda er samrøystes i at det er uaktuelt å slå samane Råd for menneske med nedsett funksjonsevne med Eldrerådet.
Valnemnda rår heller til å slå saman Brukarutvalet med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

**I kommunestyret den 10.11.2011 vart saka utsett.**

## FAKTA

Brukarutvalet vart i K-sak 37/12 den 27.04.2012 vedteke nedlagt.

Frå SAFO samarbeidsforum av funksjonshemmedes organisasjon har det kome framlegg på Marit Haukeland som medlem i rådet, sjå vedlagt brev.

## VURDERING

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan samanliknast med eldrerådet i samansetning. Der er det tre medlemmer frå pensjonistlaga og to frå kommunestyret.

Ved førre val tilrådde dåverande brukarutval at Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skulle ha tre medlemmer frå brukarane og to politikarar.
Det vil då vera naturleg at dei to politikarane er kommunestyremedlemmer.

I valnemnda si vurdering då saka var handsama i haust rådde dei til at Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart slått saman med brukarutvalet. No er brukarutvalet lagt ned, slik at Råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir eit eige utval som det må veljast medlemmer til.

Har teke med framlegget frå valnemnda den 01.11.2011. (sjå over)
Frå valnemnda sitt forslag 1. nov. har dei teke med Marta Midtbø frå politikarane, men Midtbø er ikkje kommunestyremedlem. Ho er og veldig involvert i dette fagfeltet som fagperson.

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Formannskapet | 12.06.2012 | 064/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 060/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| **Arkiv:** N-102 | **Arkivsaknr.: 12/57** |
|---|---|

# SAK 060/12 - BUDSJETTREVISJON AV ÅRSBUDSJETTET FOR 2012

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1) Investeringsbudsjettet vert saldert i tråd med saksutgreiinga under faktadelen investering – og vedteke i tråd med korrigert budsjettskjema 2A/2B.

2) Driftsbudsjettet vert saldert i tråd med saksutgreiinga under faktadelen drift – og vedteke i tråd med korrigert hovudoversikt drift.

**Finansiering**
Alle budsjettendringane har finansiering/inndekking

**Heimel**
Kommunelova og vedtak om budsjettsaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2011.

# FS-064/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1) Investeringsbudsjettet vert saldert i tråd med saksutgreiinga under faktadelen investering – og vedteke i tråd med korrigert budsjettskjema 2A/2B.
2) Driftsbudsjettet vert saldert i tråd med saksutgreiinga under faktadelen drift – og vedteke i tråd med korrigert hovudoversikt drift.
3) Det vert avsett kr 130 000 gjennom investeringsbudsjettet 2012 til reperasjon av lekkasje ved Sleire skulemuseum finansiert gjennom overføring frå drift.

**Det skjedde i Formannskapet den 12.06.2012:**
Rådmannen orienterte og saka vart drøfta.

**Egil Kvingedal, V,** sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Det vert avsett kr 130 000 gjennom investeringsbudsjettet 2012 til reperasjon av lekkasje ved Sleire skulemuseum finansiert gjennom overføring frå drift.

**Røysting:**

Det vart først røysta over tilleggspunktet frå Venstre. Framlegg til tilleggspunkt frå Venstre vart samrøystes vedteke.
Det vart så røysta over framlegget samla. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# KS-060/12 VEDTAK:

1) **Investeringsbudsjettet vert saldert i tråd med saksutgreiinga under faktadelen investering – og vedteke i tråd med korrigert budsjettskjema 2A/2B.**
2) **Driftsbudsjettet vert saldert i tråd med saksutgreiinga under faktadelen drift – og vedteke i tråd med korrigert hovudoversikt drift.**
3) **Det vert avsett kr 130 000 gjennom investeringsbudsjettet 2012 til reperasjon av lekkasje ved Sleire skulemuseum finansiert gjennom overføring frå drift.**
4) **Masfjorden kommune seier ja til lønsoppgjeret. (uravstemminga)**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Rådmannen orienterte og om tariffoppgjeret som no ligg ute til uravstemming. Han sa at ramma for lønsoppgjeret er litt høgare enn i vårt budsjett men rår kommunestyret til å røysta ja til oppgjeret slik at det kan sendast KS i dag.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Tove Kristin S. Tistel, V, spurde om stoda i sal av kommunale bygningar?
Rådmannen svara at me no skal selja eit hus på Sandnes i løpet av sommaren.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om status for sal av gamlebanken.
Rådmannen svara at status er at ein framleis er inne i anbodsforhandlingar og at me forheld oss til det vedtaket som ligg føre.

## Røysting:

**Resultat frå lønsoppgjeret vart samrøystes vedteke.**
**(nytt pkt. 4)**

**Pkt 1, 2 og 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 7 | I | 21.05.2012 | Ørnulf Lillestøl | Innspel til budsjettrevisjon 2012 |
| 6 | I | 22.05.2012 | Tove Kristin Sleire Heimetenesta Sør v/Tistel | Innspel til budsjettrevisjon 2012 |
| 4 | I | 04.06.2012 | Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo | Innspel til budsjettsaldering 2012 |
| 5 | I | 04.06.2012 | Nordbygda skule v/Berit Lygre | Innspel til budsjettsaldering 2012 |
| 8 | I | 08.06.2012 | teknisk sjef Terje Kallekleiv | Kommentar til vedlikehald |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

Budsjettendring av eit omfang som krev Kommunestyrevedtak

## HØYRING

Ein ba om innspel frå driftseiningane i samband med leiarsamling i vår + økonomisk rapportering frå driftseiningane i tråd med økonomireglementet pr. 1.kvartal og 1.tertial 2012.

## UTTALE

Fylkesmannen i Hordaland – til opphavleg budsjett og økonomiplan for 2012, datert 30.04.12:

## MASFJORDEN KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2012 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 8.desember 2011.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Skatteøyret for personlege skattytarar blei redusert frå 2010 til 2011. Reduksjonen i skatteøyret blei gjort for å redusera skatteinntektene sin del av samla inntekter. Samla for kommunane svarer dette til ein like stor auke i statleg rammeoverføring. For 2012 er skatteøyret for kommunane 11,6 %.

**Frie inntekter**
Kommunen har budsjettert med kr. 46,1 mill. i skatt på eige og inntekt for 2012.

I 2011 var det ein samla skattereduksjon for kommunane i landet på 3,2 %. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2011 til 2012 med 2,9 %.

Kommunen sitt skattenivå i 2011 var 115,2 % av landsgjennomsnittet. Med dette skattenivået vil kommunen mest sannsynleg få småkommunetilskot også i 2013.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2012 tilsvarande 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2012 tilsvarande 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 % av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 102,0 mill.

Inntektsprognosen for 2012 er no oppdatert med endelege innbyggjartal pr. 01.01.2012 og innkomen skatt i 2011. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01. 2012. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2011.

Dei budsjetterte frie inntektene ligg om lag kr. 0,5 mill. over den siste inntektsprognosen. Dei budsjetterte inntektene var i samsvar med inntektsprognosen då budsjettet opphavleg blei vedteke. Inntektsprognosen er blitt redusert etter dette både som følgje av noko svakare skatteutvikling enn gjennomsnittet i 2011 og som følgje av noko redusert folketal i 2. halvår 2011.

Kommunen bør vurdera skatteutviklinga nærare etter første tertial i år og redusera dei budsjetterte inntektene i den grad det er nødvendig.

**Eigedomsskatt**
Det er budsjettert med om lag kr. 20,0 mill. i eigedomsskatt for 2012. Eigedomsskatten er sju promille av takstgrunnlaget for verk og bruk.

Eigedomsskatten i kommunen kjem i hovudsak frå kraftproduksjonsanlegg. Budsjettert eigedomsskatt for 2012 er om lag på same nivå som innkomen skatt i 2011. Det er rekna med at eigedomsskatten blir høgare enn budsjettert som følgje av auka og utvida takstgrunnlag i år.

**Løns- og prisauke**
Prisindikatoren for kommunesektoren for 2012 er i statsbudsjettet 3,25 %. Denne består av pårekna lønsvekst med 4,0 % ( vekt 0,635 ) og varekjøp med 2,0 % ( vekt 0,365 ).

**Avdrag**
I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan gjenståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda ( når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med ).

Det er budsjettert med kr. 4,3 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån ).

Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag.

**Driftsresultat**
Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndekning av underskot ).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Frå og med 2010 har det vore endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det er ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014. For budsjettåret 2012 skal minimum 60 % av meirverdiavgiftskompensasjonen frå investeringar bli overført til investeringsrekneskapen. Budsjettforskrifta § 5 og rekneskapsforskrifta § 3 er endra i samsvar med dette. Denne overføringa til investeringsrekneskapen må bli gjennomført sjølv om ein kommune eventuelt har meirforbruk i årsrekneskapen for det same året eller frå tidlegare år.

Kommunen praktiserer å nytta heile momskompensasjonen frå investeringar til finansiering av investeringar. Kommunen har med dette lagt om til den praksis som kommunane må følgje frå og med 2014.

Netto driftsoverskot i budsjettet er kr. 3,8 mill. Netto driftsoverskot er planlagt nytta til driftsfinansiering av investeringar og netto avsetjing til disposisjonsfond.

Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setje av midlar til å møta ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare.

Kommunen hadde eit netto driftsoverskot i 2011 med om lag kr. 5 ½ mill. Dette svarer til 3,3 prosent av driftsinntektene. Kommunen sitt rekneskapsoverskot i 2011 etter avsetjing og overføring til investeringar var kr. 0,9 mill.

**Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**
I 2012 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 7,6 mill. Dei største investeringane i år er i opprusting av kommunale bygg og brannberedskap med ny brannbil ( felles brannvern med Gulen kommune ).

Investeringane er planlagt finansierte med lån ( kr. 4,1 mill.), investeringstilskot, driftsfinansiering og bruk av avsetjingar.

Det er innarbeidd lån til vidare utlån med kr. 0,5 mill. Det er i investeringsbudsjettet innarbeidd eigenkapitalinnskot til KLP med kr. 350.000,-, som i samsvar med regelverket ikkje blir lånefinansiert.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2010 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til om lag kr. 53.505,-. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 40.322,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg dei seinaste åra, og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har no eit gjeldsnivå som ligg om lag åtte prosent høgare enn landsgjennomsnittet ( utanom Oslo ).

Kommunen hadde ei langsiktig lånegjeld ved utgangen av 2011 med kr. 74,3 mill., eller om lag kr. 44.100,- pr. innbyggjar.

Kommunen har for i år budsjettert med å ta opp mindre lån til investeringar ( kr. 4,1 mill. ) enn det kommunen skal betala i ordinære avdrag ( kr. 4,3 mill. ). Fylkesmannen tilrår kommunen også seinare år å ikkje ta opp større lån enn det som blir betalt i avdrag. Ved å

følgje denne handlingsregelen år for år vil kommunen unngå at gjeldsnivået blir høgt over tid. Dette bidreg til at kommunen kan ha økonomisk handlefridom også i framtida.

**Oppsummering**

Kommunen bør vurdera skatteutviklinga nærare etter første tertial i år og redusera dei budsjetterte inntektene i den grad det er nødvendig.

Fylkesmannen tilrår kommunen også seinare år å ikkje ta opp større lån enn det som blir betalt i avdrag. Dette bidreg til at kommunen kan ha økonomisk handlefridom også i framtida.

# FAKTA & VURDERING

Budsjettet for 2012 er tidlegare justert i samband med budsjettsalderinga 2012, jf. KS sak 9/12 av 31.1.12

Utdrag frå brev frå fylkesmannen i Hordaland til kommunane, datert 18.05.12:

REVIDERT NASJONALBUDSJETT 2012

***Endringar i det økonomiske opplegget for 2012***
*Kostnadsvekst*
Pårekna kostnadsvekst ( prisindikatoren ) for kommunesektoren for 2012 var i statsbudsjettet 3,25 prosent, fordelt mellom pårekna lønsvekst med 4,0 prosent og varekjøp med 2,0 prosent. Kostnadsveksten i år blir no rekna til 3,0 prosent. Lønsvekst inngår i denne med 3,75 prosent og varekjøp med 1,7 prosent.
Det er her lagt til grunn ei nedjustering av pårekna lønsvekst i år, men dette avheng av lønsoppgjeret i kommunesektoren som ikkje er avslutta ( til melding med frist 23. mai ). Kostnadsveksten blir dessutan redusert av lågare straumprisar.

*Auka skatteinntekter*
Pårekna skattenivå i statsbudsjettet for i år utgjorde ein skatteauke på 2,9 prosent for kommunane i høve til innkomen skatt i 2011. Det blir no rekna med større skatteinngang i år enn innarbeidd i statsbudsjettet. For kommunane samla er dei pårekna skatteinntektene oppjusterte slik at det no blir rekna med ein auke i skatteinntektene med 4,5 prosent i høve til nivået i 2011.
Pårekna meirskatt i år for kommunane samla i høve til nivået i statsbudsjettet er no oppjustert med kr. 1,9 mrd.

*Auka etterspurnad etter barnehageplassar - auka kompensasjon i rammeoverføring*
I statsbudsjettet for i år er det vedteke fleire endringar i kontantstønadsordninga frå 01.august 2012, bl.a. avvikling av ordninga for to - åringar. I statsbudsjettet var det innarbeidd kompensasjon i rammeoverføring med til saman kr. 91,9 mill. i 2012 for pårekna auka etterspunad etter barnehageplassar som følgje av omlegginga av kontantstønadsordninga.
Det blir no rekna med at etterspurnaden etter barnehageplassar vil auka ytterlegare frå hausten 2012 som følgje av omlegginga i kontantstønaden. Rammetilskotet til kommunane blir difor auka ytterlegare i år med kr. 122 mill., det vil sei samla auke blir om1ag kr. 214 mill, i år. Kompensasjon er for fem månader i år ( frå og med august ). I 2013 vil det difor bli gitt kompensasjon for heilårsverknaden. Vektinga i utgiftsutjamninga ( barnehagenøkkelen ) blir justert noko i 2013 som følgje av at meir rammetilskot blir fordelt til kommunane knytt til barnehagesektoren.

# Investeringar

1) Kalk, avtale og finansiering ved Fylkesmannen – kalkdoseraranlegg – deler av midlane plassert på fond i 2011 rekneskapen. Anlegget er fullfinansiert ved midlar frå Fylkesmannen.

2) Matre symjebasseng – det vart løyvd 7,8 mill kr til rehabilitering/fornying av teknisk anlegg ved Matre symjebasseng i KS 93/10. I rekneskapen for 2011 er investeringa Matre symjebasseng på kr 7 090'. Pr 1.juni 2012 er totalkostnaden kome i ca kr 9,2 mill kr. Det vil seia ei overskriding på kr 1 400' i forhold til opphaveleg budsjettildeling.

3) Det er løyvd kr 2 000' til investering/vedlikehald av kommunale bygg i 2012. Kommunestyret har tidlegare etterspurt fordeling mellom drift og investering for desse utgiftene. Beløp som er under 100' kr vert foreslått flytta frå investering til drift. Dette utgjer kr 380' og gjeld følgjande:

## Oversikt - investering/vedlikehald - kommunale bygg 2012

Masfjorden kommune

| Bygg | Tiltak | Pri/budsjett | Forslag budsjettendring | Beløp |
|---|---|---|---|---|
| Nordbygda skule | Nytt belegg inngang gymsal. | 50 000,0 | Vedlikehald | 50 000 |
| | Nytt ventilasjonsanlegg gamal fløy | | | |
| Legekontor | Fjerne vegg mot toalett – utviding av resepsjon/kontor | | | |
| Nordbygda barnehage | Nytt ventilasjonsanlegg. | | | |
| | Maling utvendig, div | | | |
| Masfjorden sjukeheim | Bossdunkar, papir, skur (Pålegg, brann) | 50 000,0 | Vedlikehald | 50 000 |
| Kommunehus | brannsikring av arkiv, | | | |
| Legebustad / kafé/ pub | Kjellar fuktskade | 50 000,0 | Vedlikehald | 50 000 |
| Tanngarden | Isolering tak og grunnmur, | 200 000,0 | Investering | |
| Sandnes barnehage | Utetrapp på baksida må sikrast med port | | | |
| Sandnes skule | Nytt ventilasjon gamal fløy. | 1 100 000,0 | Investering | |
| | Ny himling og isolering gamal fløy oppe, *(Må utførast i samband med ventilasjonsanlegg* ) | 320 000,0 | Investering | |
| Verna bustad, Haugsvær | Skifte kledningsbord i gavl. | 40 000,0 | Vedlikehald | 40 000 |
| | Maling utvendig hus | 30 000,0 | Vedlikehald | 30 000 |
| Haugsvær 4 omsorgsbustadar | Spyle kledning/male huset. | | | |
| Matre oms.bust. 1 plan, | Fjerne mose /smørje tak | 30 000,0 | Vedlikehald | 30 000 |
| 5 leiligheit | Bad, skifte plater rote skade | 40 000,0 | Vedlikehald | 40 000 |
| Matre Barnehage | Nytt ventilasjonsanlegg | | | |
| | Maling utvendig | 30 000,0 | Vedlikehald | 30 000 |
| Matre skule | Nytt ventilasjonsanlegg gamal fløy, | | | |
| | Støydemping gymsal | 60 000,0 | Vedlikehald | 60 000 |
| FDV – Dokumentasjon av kommunale bygg | (forvaltning, drift og vedlikehald) | | | |
| ENØK kommunale bygg | | | | |
| Lager/kontor, Duesund | Forlengelse av bygg | | | |
| Utleige bustad 31/37 | Vindu, kledning og bad | | | |
| **Sum** | | **2 000 000,0** | | **380 000** |

4) Det er gjort løyvingar frå Statens vegvesen til brannbil med kr 1 mill. Sal av anleggsmidlar er budsjettert inn med eit forsiktig anslag; kr 1 mill.

5) Vedtak i tidlegare KS i 2012; Matre vassverk, innreiing kjellar Sandnes skule, nytt kjøkken i 2 barnehagar, Stordalen bru, gravemaskin TML, avsetjing brufond.

Dette gir følgjande revidert investeringsbudsjett for 2012:

## Budsjettskjema 2A

| | Saldert budsjett 2012 | Opphaveleg budsjett 2012 |
|---|---|---|
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | |
| Investering i anleggsmidlar | 17 604 000 | 7 610 000 |
| Utlån og forskoteringar | 850 000 | 850 000 |
| Avsetjingar | 1 000 000 | |
| **Årets finansieringsbehov** | **19 454 000** | **8 460 000** |
| **FINANSIERING** | | |
| Bruk av lånemidlar | -4 600 000 | -4 600 000 |
| Sal av anleggsmidlar | -1 000 000 | |
| Tilskot til investeringar | -4 900 000 | -500 000 |
| **Sum ekstern finansiering** | **-10 500 000** | **-5 100 000** |
| Overført frå driftsrekneskapen | -2 334 000 | -1 610 000 |
| Bruk av avsetjingar | -6 620 000 | -1 750 000 |
| **Sum finansiering** | **-19 454 000** | **-8 460 000** |
| | | |
| **Udekka/udisponert = 0** | **0** | **0** |

## Budsjettskjema 2B

| | | |
|---|---|---|
| **Investeringsprosjekt;** | | |
| EDB - felles | 500 000 | 500 000 |
| Nordbygda barnehage - nytt kjøkken | 194 000 | |
| Indre Masfjorden barnehage - nytt kjøkken | 200 000 | |
| Sandnes skule - innreiing kjellar | 230 000 | |
| Matre symjebasseng | 2 100 000 | |
| Kommunale vegar | 2 150 000 | 660 000 |
| Stordalen bru | 300 000 | |
| Gravemaskin TML | 560 000 | |
| Bustadfelt - tilrettelegging | 750 000 | 750 000 |
| Opprusting kommunale bygg | 1 620 000 | 3 000 000 |
| Avlaup | 0 | 200 000 |
| Vassforsyning | 425 000 | 625 000 |
| Matre vassverk | 4 500 000 | |
| Brann - utstyr og bilar | 1 875 000 | 1 875 000 |
| Kalkdoseraranlegg - Frøysetvassdraget | 2 200 000 | |
| **Summering investering i anleggsmidlar** | **17 604 000** | **7 610 000** |

# Drift

Flytting av kostnader frå investering til drift er innarbeida i driftsbudsjettet.

## Konsesjonskraft

Ordninga med momskompensasjon er lagt om frå og med 2010 ved at 1/5 av momskompensasjonen frå investeringar skal overføres frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Overføring skal trappast opp dei neste åra med 1/5 årleg. Frå og med 2014 skal som kjent heile kompensasjonen frå investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen. I overgangsperioden 2010 - 2013 er driftsfinansieringa av investeringane i samsvar med opptrappingsplanen pålagt, det vil seie at den må gjennomførast sjølv om kommunen skulle ha rekneskapsmessig underskot. Den planlagde omlegginga vil bidra til ein sunnare økonomiforvaltning med lågare låneopptak. Samtidig er dette ein innstramming driftsmessig dei første åra, når ein mindre del av momskompensasjonen kan disponerast i driftsrekneskapen. Mange kommunar har hatt eit høgt investeringsnivå dei siste åra, og det er derfor blitt inntektsført betydelig momskompensasjon i driftsrekneskapen. Overgangen for Masfjorden sin del blir ikkje stor, då vi har praktisert 100% tilbakeføring av momskompensasjon som ein får på investeringane, frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Dei fleste kommunar ville ha inntektsført dette i drift utan overføring til investeringsrekneskapen, og heller lånefinansiert investeringa – og dermed indirekte lånefinansiert drifta. For dei kommunane som har praktisert den siste løysinga, vil få betydelege utfordringar med omlegging av momskompensasjon investeringar.

*Gjeldssituasjonen*
Kommunane sin lånegjeld har auka mykje samla sett dei seinare åra. Gjeldsnivået er no høgt, også når ein vurderer det i forhold til inntektene. Det er grunn til bekymring om denne utviklinga fortsetter dei neste åra slik at gjeldsbelastninga aukar ytterlegare. Sjølv om kommunane kan betene gjeldsforpliktingane, fører eit høgt gjeldsnivå til at ein større del av inntektene blir bundet opp i renter og avdrag istadenfor å bli nytta til direkte tenesteyting for innbyggjarane. Ein del av gjelda er heilt eller delvis sjølvfinansierande, for eksempel gjennom avgifter eller statleg rentekompensasjon.

*Rentenivå*
Noverande rentenivå er spesielt lågt, sett i eit lengre tidsperspektiv. Sjølv om det er ein politisk målsetning at rentenivået fortsatt skal være lågt, må det over tid forventast eit høgare rentenivå. Kommunane er sårbare om eit fortsatt lågt rentenivå er nødvendig for å oppretthalde den økonomiske handlefridomen. Det noverande låge rentenivået må sjåast i samanheng med finanskrisa og behovet for å stimulere den økonomiske aktiviteten.

Gjeldande økonomiplan legg til grunn følgjande driftsrammer for årsbudsjett 2013, og påfølgjande år.

## Budsjettskjema 1B

| | Budsjett 2012 | Ramme 2013 | Ramme 2014 | Ramme 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Fordelt til;** | | | | |
| Folkevalte organ: | 1 953 500 | 2 000 000 | 2 050 000 | 2 101 200 |
| Administrasjon: | 12 311 300 | 12 742 200 | 13 060 700 | 13 387 200 |
| Barnehage: | 11 353 700 | 11 751 000 | 12 044 700 | 12 345 800 |
| Skule: | 36 226 700 | 37 494 600 | 38 431 900 | 39 392 600 |
| Helse: | 8 337 500 | 8 629 300 | 8 845 000 | 9 066 100 |
| Sosial- og barnevern: | 6 616 000 | 6 847 500 | 7 018 600 | 7 194 000 |
| Pleie- og omsorg | 37 152 100 | 38 452 400 | 39 413 700 | 40 399 000 |
| Kultur: | 5 560 500 | 5 755 000 | 5 898 800 | 6 046 200 |
| Kyrkja: | 3 348 200 | 3 465 300 | 3 551 900 | 3 640 600 |
| Teknisk: | 6 621 700 | 6 853 420 | 7 024 700 | 7 200 300 |
| Andre tenesteområder: | -13 760 700 | -11 665 719 | -12 017 001 | -12 344 401 |
| Summert; | 115 720 500 | 122 325 001 | 125 323 000 | 128 428 600 |

# VURDERING

Rammesaka har som hovudfokus å seie noko om kommunen sitt inntektsgrunnlag kommande budsjettår og økonomiplanperiode, og fordele desse midlane mellom rammeområda slik at ein får mest og best mogleg tenesteproduksjon ut av midlar til rådvelde – og vere det styringsdokument administrasjon legg detaljbudsjett etter.

## Kommunale inntekter - vurderingar kring budsjettramme år 2011

***Finansiering*** **–** inntektsgrunnlaget for driftsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-16 → skjema 1A

Frie inntekter = summen av (1) Skatt på inntekt og formue og (2) Rammetilskot, og ut i frå KS prognosemodell oppdatert etter kommuneproposisjonen 2013 tilseier følgjande inntektsutvikling i kommunen – (NB! Basert på folketal i kommunen pr. 1.1.2012, slik at her vert det endringar med tal pr. 1.7.2012 og 1.1.2013)

| MASFJORDEN | Inngang!A1 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **MASFJORDEN** | **1266** | | | | | | | | |
| *faste år 2012-priser for årene 2012 - 2016* | | | | | | | **PROGNOSE** | | |
| **1000 kr** | | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** | **2016** |
| Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb) | | 15 672 | 16 730 | 31 409 | 35 256 | 36 229 | 36 283 | 36 314 | 36 314 |
| Utgiftsutjevning | | 16 991 | 19 400 | 17 302 | 19 977 | 20 374 | 20 389 | 20 397 | 20 405 |
| Overgangsordninger (INGAR fra 2009) | | -100 | -41 | 539 | -117 | - | - | - | - |
| Saker særskilt ford (fysioterapi/kvalifiseringsprog) | | 178 | 227 | 430 | 259 | 259 | 259 | 259 | 259 |
| Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd | | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd) | | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Småkommunetilskudd | | 5 535 | 5 707 | 4 839 | 4 996 | 4 996 | 4 996 | 4 996 | 4 996 |
| Distriktstilskudd Sør-Norge | | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker | | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Veksttilskudd | | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. | | 1 004 | 539 | - | - | - | - | - | - |
| herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift | | - | - | - | - | | | | |
| Skjønn til skattesvake kom i Sør-Norge (2009) | | - | | | | | | | |
| Skjønn - tap endringer av inntekssytemet | | | | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Justert skjønn momskomp 08 | | | | | | | | | |
| Kompensasjon Samhandlingsreformen | | | | | - | - | - | | |
| Ekstra skjønn tildelt av KRD | | - | - | - | | | | | |
| Ekstra skjønn tildelt av KRD desember 2011 | | | | - | | | | | |
| Feil inntektsutj 2007/Komp Fysioterapautmidler 09 | | 21 | | | | | | | |
| Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter 2010 med mer | | 903 | 478 | | | | | | |
| RNB2009 / RNB2010 / Prop 59S / RNB2011 | | 414 | 3 | 35 | 53 | | | | |
| **Sum rammetilsk uten inntektsutj** | | **40 618** | **43 043** | **54 654** | **60 524** | **61 957** | **62 027** | **62 066** | **62 074** |
| "Bykletrekket" (anslag etter 2010) | | -2 | -1 | -2 | | | | | |
| Netto inntektsutjevning | | -4 532 | -4 569 | -4 028 | -4 348 | -4 426 | -4 426 | -4 426 | -4 426 |
| **Sum rammetilskudd** | | **36 084** | **38 474** | **50 624** | **56 176** | **57 531** | **57 600** | **57 639** | **57 648** |
| Rammetilskudd - endring i % | | | 6,6 | 31,6 | 11,0 | 2,4 | 0,1 | 0,1 | 0,0 |
| **Skatt på formue og inntekt** | | **44 508** | **45 961** | **43 827** | **45 946** | **46 770** | **46 770** | **46 770** | **46 770** |
| Skatteinntekter - endring i % | | | 3,3 | -4,6 | 4,83 | 1,79 | - | - | - |
| Andre skatteinntekter (eiendomsskatt) | | - | - | - | - | - | - | - | - |
| **Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)** | | **80 592** | **84 435** | **94 451** | **102 100** | **104 300** | **104 400** | **104 400** | **104 400** |
| | | | | | | **(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)** | | | |

Ved 3% årleg prisstigning;

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum frie inntekter | | | | 107.500 | 110.700 | 114.000 | 117.400 |

## Andre inntekter

Kommunale inntekter – brukarbetaling som kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar, øyremerka tilskot etc. vert innarbeidd i dei einskilde driftseining sitt budsjett og ein legg til grunn samme auken her som i det generelle prisvekst lagt inn i statsbudsjettet/revidert statsbudsjett – 3%.

## Eigedomsskatt

Frå og med 2001 gjorde Stortinget vedtak om innføring av § 8 i eigedomsskattelova for kraftføretak. Iverksetjing av § 8 i eigedomsskattelova medførte at Masfjorden kommune fekk eit inntektstap første år med 1,5 million kroner eller om lag 16% av eigedomsskatten sett i høve til 2000. Sum eigedomsskatt 8,1 mill.kr. Utvikling siste åra har endra seg frå at ein vart fanga opp av lågaste verdi ved verdsetjing av kraftproduksjonsanlegg 0,95 kr. per KWh til at ein no har nådd maksgrensa. I samband med Kommunestyremøte 31.5.2012 vart det opplyst frå BKK si side at kommunen taper store beløp på makstaket. Maksgrensa er og stadfesta nådd, jf. dokumentasjon frå sentralskattekontoret for storbedrifter. Tilrår at vi legg eigedomsskatten for 2013 på 22 mill.kr., og flatt elles i økonomiplanperioden og at ein aktiv arbeidar vidare for oppheving av makstaket.




Kommunen har og høve til å utvida ordninga, og sikre kommunen meirinntekter utover det som eg lagt til grunn.

## Konsesjonskraft

Kommunen har krav på konsesjonskraftinntekter som ei erstatning for å stille naturressursar til disposisjon for kraftutbygging. Inntil 10% av kraftmengda går som konsesjonskraft til utbyggingskommunen. Kommunen sitt uttak kan imidlertid ikkje overstige behovet for alminneleg forsyning i kommunen. Kommunen har teke ut 30 GWh over fleire år, medan forbruket har vore på midten av 20 talet. Etter semje med fylkeskommunen, tek Masfjorden ut 35 GWh for 2012. Fylket gjer frå 2008 krav på uttak av all kraft utover det som er kommunen sin alminneleg forsyning. Dersom forbruket i kommunen i åra framover vert mindre enn 35 GWh gjer fylket krav på eit finansielt etteroppgjer. På den andre sida vil kommunen ha krav på eit finansielt etteroppgjer om forbruket aukar i kommunen.

Konsesjonskrafta er ei variabel inntekt, med nær 10 mill.kr. i 2009, og garantipris på litt over 5 mill.kr. for 2010. garantipris på ca. 9 mill.kr. i 2012 og budsjettert med 10 mill.kr. Utviklinga i kraftmarknaden/kraftprisen avgjer kva pris ein oppnår i økonomiplanperioden. Legg til grunn 5 mill.kr. i rammesaka (heile planperioden 2013-16), men då med fare for redusert kraftpris som kan gje mindre inntekt + volum (at ein reelt brukar 32 GWh), og ein er veldig sårbar ved varig reduksjon i kraftprisen som følgje av finanskrisa og økonomisk nedgangstider.




Andre statlege tilskot
Det vert gjeve ein del statlege tilskot, Siktemålet til regjeringa er at øyremerka tilskot skal vere minimal – 4%.

## Finansinntekter og finansutgifter

***Finansinntekter***
Finansinntekter er summen av rente bankinnskot, plasserte fondsmidlar, utbytte, rente- og avdrag på utlån av næringslån og startlån (etableringslån). Avkastning fondsmidlar var vore til dels svært høg ein del år (sett i høve til plasserte midlar), dårleg 2008 og 2011 ? Låg rente kommande år, gir liten avkastning midlar plassert i bank. – samla sett legg ein til grunn 1,0 mill.kr. i finansinntekter i perioden 2013-16.

***Rente- og avdrag***
Masfjorden kommune hadde pr. 31.12.2011 ei samla lånegjeld på 74,3 mill.kr, og ein legg til grunn følgjande øvre ramme for låneopptak i økonomiplanperioden tilsvarande det ein betalar ned i avdrag årleg;

| | | |
|---|---|---|
| Låneopptak 2012: | kr. | 4.600.000 (inkl. startlån) |
| Låneopptak 2013: | kr. | 4.300.000 (utan startlån) |
| Låneopptak 2014: | kr. | 4.300.000 |
| Låneopptak 2015: | kr. | 4.300.000 |
| Låneopptak 2016: | kr. | 4.300.000 |

noko som inneber at lånegjelda vil bli uendra med 74,3 mill.kr. ved utløpet av økonomiplanperioden.

Ein legg til grunn rente på 2,5 % på innlån i økonomiplanperioden.

Ein legg vidare til grunn følgjande rente- og avdrag i driftsbudsjetta og økonomiplanperioden 2013-2016 (tal i heile 1000);

| År | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Rente | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Avdrag | 4 300 | 4 300 | 4 300 | 4 300 |

## Avsetjinga og bruk av avsetjinga

Ein legg til grunn at netto sum avsetjinga og bruk av avsetjinga går i balanse og ikkje får nokon netto verknad for drifta i økonomiplanperioden.

**Budsjettskjema 1A**

| | Budsjett 2012 | Ramme 2013 | Ramme 2014 | Ramme 2015 | Ramme 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| ***FRIE DISPONIBLE INNTEKTER*** | | | | | |
| Skatt på inntekt og formue | -46 100 000 | -48 800 000 | -50 264 000 | -51 771 900 | -53 325 000 |
| Ordinært rammetilskudd | -55 900 000 | -58 700 000 | -60 461 000 | -62 274 800 | -64 143 000 |
| Eigedomsskatt | -20 000 000 | -22 000 000 | -22 000 000 | -22 000 000 | -22 000 000 |
| Andre direkte eller idirekte skatter | -2 360 000 | -2 500 000 | -2 500 000 | -2 500 000 | -2 500 000 |
| Andre generelle statstilskudd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **-124 360 000** | **-132 000 000** | **-135 225 000** | **-138 546 700** | **-141 968 000** |
| ***FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER*** | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -1 962 500 | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 |
| Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgi | 2 500 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Avdrag på lån | 4 300 000 | 4 300 000 | 4 300 000 | 4 300 000 | 4 300 000 |
| **Netto finansinntekter/-utgifter** | **4 837 500** | **5 300 000** | **5 300 000** | **5 300 000** | **5 300 000** |
| ***AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER*** | | | | | |
| Til dekning av tidligere års regnskapsmessige | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til ubundne avsetninger | 4 730 000 | 2 500 000 | 2 500 000 | 2 500 000 | 2 500 000 |
| Til bundne avsetninger | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne avsetninger | -2 138 000 | -2 500 000 | -2 500 000 | -2 500 000 | -2 500 000 |
| Bruk av bundne avsetninger | -400 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Netto avsetninger** | **2 192 000** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| ***FORDELING*** | | | | | |
| Overført til investeringsregnskapet | 1 610 000 | 800 000 | 800 000 | 800 000 | 800 000 |
| **Til fordeling drift** | **-115 720 500** | **-125 900 000** | **-129 125 000** | **-132 446 700** | **-135 868 000** |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 115 720 500 | 125 900 000 | 129 125 000 | 132 446 700 | 135 868 000 |
| **Merforbruk/mindreforbruk = 0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

***Føresetnader*** **–** utgiftsforhold for driftsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-16 → skjema 1B

Sjå innspel/uttale frå enkelte driftseiningar under uttale. + 1.tertialrapport/budsjettrevisjon 2012. utvikling kraftpris – reduserte inntekter. Ut i frå dei behov som er melde inn har ein gjort ei fordeling for rammeområda kopla til forventa inntektsgrunnlag.

## Felles for alle rammeområda

**Lønskostnader**

**Tariff/lønsoppgjeret** pr. 1.5.2012 ikkje avklart → streik (som nettopp et avslutta). Ramme på 4,07%. KS legg opp til eit moderat oppgjer framover.

Ein legg til grunn eit forsiktig lønsvekst for 2013 på 3,5 %.

**Pensjonskostnader**

Legg til grunn satsar frå 2012 budsjettet (netto 13% - brutto 15%), til tross for at premiane er høgare, vil ordninga med premieavvik / pensjonsforskrifta medføre at dette er tilstrekkeleg avsetjing. Ein har elles fondsreservar innan dette område. Ein må auka budsjettet for amortiseringsavvik – inntektsførte premieavvik skal dekkast inn over 10 år, slik at her kjem ein auka kostnad årleg framover.

**Arbeidsgjevaravgift**

Ein legg til grunn avgift i tråd med sone 2, dvs. 10,6% arb.gj.avgift for alle tilsette i Masfjorden kommune.

**Prisvekst**

Legg til grunn ein generell prisvekst på 3%

## Budsjettskjema 1B

| | Budsjett 2012 | Ramme 2013 | Ramme 2014 | Ramme 2015 | Ramme 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Fordelt til;** | | | | | |
| Folkevalte organ: | 1 953 500 | 2 300 000 | 2 360 000 | 2 419 000 | 2 479 500 |
| Administrasjon: | 12 311 300 | 12 750 000 | 13 100 000 | 13 427 500 | 13 763 200 |
| Barnehage: | 11 353 700 | 12 000 000 | 12 300 000 | 12 607 500 | 12 922 700 |
| Skule: | 36 226 700 | 36 500 000 | 37 412 000 | 38 347 300 | 39 305 900 |
| Helse: | 8 337 500 | 10 000 000 | 10 250 000 | 10 506 300 | 10 768 900 |
| Sosial- og barnevern: | 6 616 000 | 5 900 000 | 6 050 000 | 6 201 300 | 6 356 200 |
| Pleie- og omsorg | 37 152 100 | 38 450 000 | 39 500 000 | 40 487 500 | 41 499 600 |
| Kultur: | 5 560 500 | 5 750 000 | 5 897 000 | 6 044 400 | 6 195 400 |
| Kyrkja: | 3 348 200 | 3 400 000 | 3 490 000 | 3 577 200 | 3 666 500 |
| Teknisk: | 6 621 700 | 6 850 000 | 7 026 000 | 7 201 600 | 7 381 600 |
| Andre tenesteområder: | -13 760 700 | -8 000 000 | -8 260 000 | -8 372 900 | -8 471 498 |
| Summert; | 115 720 500 | 125 900 000 | 129 125 000 | 132 446 700 | 135 868 000 |

**Investeringa 2013-16**

Viser til økonomiplan 2012-15, investeringsplanen for 2013 – 16 må oppdaterast og utarbeidast som grunnlag for utarbeiding av detaljbudsjettet.

# Investeringsbudsjett 2012-2016

Oversikta under viser oppstart nye tiltak.

**Fullføring av iverksette prosjekt eller prosjekt med budsjettvedtak tidlegare fram til og med budsjett 2011 kjem i tillegg**

Alle tal i heile 1000 & nettobudsjett (eksl.mva)

| | | Kostnad og finansiering 2012 | | | | Kostnad og finansiering 2013 | | | | Kostnad og finansiering 2014 | | | | Kostnad og finansiering 2015 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Prosjekt | Totalsum | Budsjett | Fond/EK | Tilskot | Lån | Budsjett | Fond | Tilskot | Lån | Budsjett | Fond | Tilskot | Lån | Budsjett | Fond | Tilskot | Lån |
| IKT/felles | 2 000 | 500 | 300 | | 200 | 500 | 0 | | 500 | 500 | 0 | | 500 | 500 | 0 | 0 | 500 |
| Opprusting komm.bygg | 7 000 | 3 000 | 1 200 | 500 | 1 300 | 2 000 | 500 | | 1 500 | 2 000 | 200 | | 1 800 | 2 000 | 200 | 0 | 1 800 |
| Kommunale vegar | 2 620 | 660 | 160 | | 500 | 630 | 120 | | 500 | 580 | 80 | | 500 | 750 | 0 | 0 | 750 |
| Vassforsyning | 6 875 | 625 | 225 | 0 | 400 | 5 000 | 1500 | 2500 | 1000 | 1 000 | 0 | | 1000 | 250 | 0 | 0 | 250 |
| Avlaup | 700 | 200 | 0 | | 200 | 0 | 0 | | 0 | 500 | 0 | | 500 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brann, utstyr & bilar | 1 875 | 1 875 | 375 | 0 | 1500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bustadfelt | 2 250 | 750 | 750 | 0 | 0 | 500 | 500 | 0 | 0 | 500 | 500 | 0 | 0 | 500 | 500 | 0 | 0 |
| Grunnerverv næring/servic | 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 800 | 0 | 0 | 800 | | | | | | | | |
| **Sum investeringar** | **24 120** | **7 610** | **3 010** | **500** | **4 100** | **9 430** | **2 620** | **2 500** | **4 300** | **5 080** | **780** | **0** | **4 300** | **4 000** | **700** | **0** | **3 300** |

litt info.prosjekt;

| | |
|---|---|
| IKT; | Løpande investeringsbehov - pott lagt samla under IKT felles, men midlar kan gå til IKT skule og eigenfinansieringsdel rest utbygging breiband |
| Kommunale bygg: | Storsatsing på oppgradere kommunale bygg jf. handlingsplan |
| Vatn & avlaup (VA): | Til dels store prosjekt på gong - nettotal i investeringsplan, på einskilde prosjekt stor del anleggsbidrag frå eksterne |
| Bustadfelt/føremål: | Det er lagt opp til kommunal medverkand private bustadfelt, kor etableringstilskot vert nytta til veg & VA tiltak - finansiert med bruk av kraftfondet |

**Andre utgiftspostar investeringsbudsjettet;**

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| KLP eigenkap.innskot | 1 100 | 350 | 350 | | | | 250 | 250 | | | | 250 | 250 | | | | 250 | 250 | | |
| Utlån - startlån | 2 000 | 500 | | | 500 | | 500 | | | 500 | | 500 | | | 500 | | 500 | 0 | | 500 |
| **Sum investeringar** | **3 100** | **850** | **350** | **0** | **500** | **0** | **750** | **250** | **0** | **500** | **0** | **750** | **250** | **0** | **500** | **0** | **750** | **250** | **0** | **500** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sum finansieringsbehov | **8 460** | **10 180** | **5 830** | **4 750** |

| | |
|---|---|
| EK-innskot KLP: | Siste år har KLP krevd inn årlege eigenkapitaltilskot, som ein tilrår vert finansiert med avsette midlar til pensjon i tidlegare års rekneskap - dvs. bruk av fond |
| startlån - utlån: | opptak av lån via Husbanken til vidareformidling, opptak med 2,5 mill.kr. i 2011 |

# KONKLUSJON

Ein har i rammesaka hatt fokus på framtidig inntektsgrunnlag – usikre forhold er knytt til

- folketalsutviklinga,
- endring i kriteriedata og endringar i inntektssystemet frå og med 2011,
- kraftprisen og reduserte inntekter på dette området som kan få store konsekvensar for den økonomiske ramma kommande år og for heile økonomiplanperioden.

Rådmannen utarbeidar balansert budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16 ut i frå gitte føresetnader i denne saka til utgangen av oktober 2012.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Formannskapet | 12.06.2012 | 057/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 062/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| **Arkiv:** N-304 | **Arkivsaknr.: 10/190** |
|---|---|

# SAK 062/12 - HØYRINGSUTTALE NOU 2012:6 ARBEIDSRETTA TILTAK

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Som eigar av vekstbedrifta Einekavane A/S har Masfjorden kommune gjennom 8 år bygd opp eit godt verkemiddelapparat for målgrupper NOU omhandlar. Einekavane A/S er ei lita bedrift med berre 8 VTA plassar. Sidan starten har vi bygt opp eit breitt og godt tilbod av arbeidsoppdrag som er tilpassa den enkelte si yteevne. Vi har flinke og motiverte arbeidsleiarar som ser den enkelte kvar dag. Bedrifta har også eit godt samarbeid med kommunen sitt hjelpeapparat (heimeteneste, psykiatriteneste), noko som er viktig for å få eit godt og heilskapleg tilbod. Dette fungerer godt i dag.

Den kommunale eigarskapen er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet og sikrar langsiktigheit, stabilitet og ansvarleggjering overfor bedrifta. Våre eigarrepresentantar i styret bedreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenking, som er avgjerande for å skape gode løysingar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Denne kunnskapen vert best ivaretatt i modell 1, gjennom vidareutvikling av dagens system, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, Nav som bestillar og tiltaksbedrifta som leverandør.

Vi ser likevel at dette systemet har forbetringspotensiale. Mellom anna er det behov for meir heilskapleg attføringsløp, utan uhensiktsmessige tidsavbrot. I dag er ventetida for å kome inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig, då det medfører tap av motivasjon for den enkelte og i mange tilfelle fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. I denne samanheng er modell 1 si dreiing frå aktivitetsretta til individretta tiltak eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Vi støttar og krava i modell 1 om mellom anna oppdatert metodikk og kompetanse hos tiltaksbedriftene og krav til endringsprosessar hos brukar. I tillegg blir det tatt til orde for å stille krav til ordinært arbeidsliv om å styrkje sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkje tilbodet til målgruppene.

Masfjorden kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal skje i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel påpeike at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er budd på å overta det arbeidet som er foreslått i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen.

Etter vårt syn vil modell 2 kunne føre til at dagens vekst- og attføringsbedrifter forsvinn. Saman med bedriftene vil også deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring bli borte. Dette er ekspertise som det vil vere svært vanskeleg å samle igjen når det viser seg at teoriane bak modell 2 ikkje stemmer med verkelegheita.

Vi stiller oss også sterkt kritiske til at det er riktig og hensiktsmessig at NAV vert gitt ei utvida rolle i attføringsarbeidet som arrangør av attføringstenester, slik modell 2 føreset. Etter vår meining bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfylgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glade for at fleirtalet av medlemmane i utvalet går inn for å vidareutvikle denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydeleg udekka behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Konkurranseutsetjing
Den eigarskapsmodellen vi har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal kome tiltaksdeltakarane og bedriftene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbodsutsetjing. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet blir vesentleg redusert dersom dette arbeidet vert overtatt av bedrifter som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbodssystem vil redusere tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst bistands- og/eller tilretteleggingsbehov. Med kommunal eigarstruktur sikrar vi vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

**Finansiering**
uttale som ikkje krev finansiering

**Heimel**
Høyring NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak, kor departementet ber om uttale, og Kommunestyret som den 31.5.12 ba om at NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak vert lagt fram som sak.

# FS-057/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Som eigar av vekstbedrifta Einekavane A/S har Masfjorden kommune gjennom 8 år bygd opp eit godt verkemiddelapparat for målgrupper NOU omhandlar. Einekavane A/S er ei lita bedrift med berre 8 VTA plassar. Sidan starten har vi bygt opp eit breitt og godt tilbod av arbeidsoppdrag som er tilpassa den enkelte si yteevne. Vi har flinke og motiverte arbeidsleiarar som ser den enkelte kvar dag. Bedrifta har også eit godt samarbeid med kommunen sitt hjelpeapparat (heimeteneste, psykiatriteneste), noko som er viktig for å få eit godt og heilskapleg tilbod. Dette fungerer godt i dag.

Den kommunale eigarskapen er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet og sikrar langsiktigheit, stabilitet og ansvarleggjering overfor bedrifta. Våre eigarrepresentantar i styret bedreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenking, som er avgjerande for å skape gode løysingar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Denne kunnskapen vert best ivaretatt i modell 1, gjennom vidareutvikling av dagens system, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, Nav som bestillar og tiltaksbedrifta som leverandør.

Vi ser likevel at dette systemet har forbetringspotensiale. Mellom anna er det behov for meir heilskapleg attføringsløp, utan uhensiktsmessige tidsavbrot. I dag er ventetida for å kome inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig, då det medfører tap av motivasjon for den enkelte og i mange tilfelle fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. I denne samanheng er modell 1 si dreiing frå aktivitetsretta til individretta tiltak eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Vi støttar og krava i modell 1 om mellom anna oppdatert metodikk og kompetanse hos tiltaksbedriftene og krav til endringsprosessar hos brukar. I tillegg blir det tatt til orde for å stille krav til ordinært arbeidsliv om å styrkje sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkje tilbodet til målgruppene.

Masfjorden kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal skje i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel påpeike at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er budd på å overta det arbeidet som er foreslått i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunne føre til at dagens vekst- og attføringsbedrifter forsvinn. Saman med bedriftene vil også deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring bli borte. Dette er ekspertise som det vil vere svært vanskeleg å samle igjen når det viser seg at teoriane bak modell 2 ikkje stemmer med verkelegheita.

Vi stiller oss også sterkt kritiske til at det er riktig og hensiktsmessig at NAV vert gitt ei utvida rolle i attføringsarbeidet som arrangør av attføringstenester, slik modell 2 føreset. Etter vår meining bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfylgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glade for at fleirtalet av medlemmane i utvalet går inn for å vidareutvikle denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydeleg udekka behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Konkurranseutsetjing
Den eigarskapsmodellen vi har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal kome tiltaksdeltakarane og bedriftene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbodsutsetjing. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet blir vesentleg redusert dersom dette arbeidet vert overtatt av bedrifter som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbodssystem vil redusere tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst bistands- og/eller tilretteleggingsbehov. Med kommunal eigarstruktur sikrar vi vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

**Det skjedde i Formannskapet den 12.06.2012:**

Rådmannen orienterte og saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# KS-062/12 VEDTAK:

**Som eigar av vekstbedrifta Einekavane A/S har Masfjorden kommune gjennom 8 år bygd opp eit godt verkemiddelapparat for målgrupper NOU omhandlar. Einekavane A/S er ei lita bedrift med berre 8 VTA plassar. Sidan starten har vi bygt opp eit breitt og godt tilbod av arbeidsoppdrag som er tilpassa den enkelte si yteevne. Vi har flinke og motiverte arbeidsleiarar som ser den enkelte kvar dag. Bedrifta har også eit godt samarbeid med kommunen sitt hjelpeapparat (heimeteneste, psykiatriteneste), noko som er viktig for å få eit godt og heilskapleg tilbod. Dette fungerer godt i dag.**

**Den kommunale eigarskapen er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet og sikrar langsiktigheit, stabilitet og ansvarleggjering overfor bedrifta. Våre eigarrepresentantar i styret bedreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenking, som er avgjerande for å skape gode løysingar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Denne kunnskapen vert best ivaretatt i modell 1, gjennom vidareutvikling av dagens system, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, Nav som bestillar og tiltaksbedrifta som leverandør.**

**Vi ser likevel at dette systemet har forbetringspotensiale. Mellom anna er det behov for meir heilskapleg attføringsløp, utan uhensiktsmessige tidsavbrot. I dag er ventetida for å kome inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig, då det medfører tap av motivasjon for den enkelte og i mange tilfelle fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. I denne samanheng er modell 1 si dreiing frå aktivitetsretta til individretta tiltak eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.**

**Vi støttar og krava i modell 1 om mellom anna oppdatert metodikk og kompetanse hos tiltaksbedriftene og krav til endringsprosessar hos brukar. I tillegg blir det tatt til orde for å stille krav til ordinært arbeidsliv om å styrkje sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkje tilbodet til målgruppene.**

**Masfjorden kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal skje i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel påpeike at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er budd på å overta det arbeidet som er foreslått i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunne føre til at dagens vekst- og attføringsbedrifter forsvinn. Saman med bedriftene vil også deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring bli borte. Dette er ekspertise som det vil vere svært vanskeleg å samle igjen når det viser seg at teoriane bak modell 2 ikkje stemmer med verkelegheita.**

**Vi stiller oss også sterkt kritiske til at det er riktig og hensiktsmessig at NAV vert gitt ei utvida rolle i attføringsarbeidet som arrangør av attføringstenester, slik modell 2 føreset. Etter vår meining bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfylgjande instans.**

**Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glade for at fleirtalet av medlemmane i utvalet går inn for å vidareutvikle denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydeleg udekka behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.**

**Konkurranseutsetjing**

**Den eigarskapsmodellen vi har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal kome tiltaksdeltakarane og bedriftene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbodsutsetjing. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet blir vesentleg redusert dersom dette arbeidet vert overtatt av bedrifter som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbodssystem vil redusere tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst bistands- og/eller tilretteleggingsbehov. Med kommunal eigarstruktur sikrar vi vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.**

**<u>Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:</u>**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 27.05.2010 | Einekavane AS | Rekneskap Einekavane 2009 |
| 2 | I | 07.04.2011 | Einekavane AS | Arbeid som er utført i staden for drift av symjebasseng |
| 3 | I | 06.01.2012 | Einekavane AS | Invitasjon til formannskapet - møte med Einekavane AS den 21.02.2012 |
| 4 | I | 25.05.2012 | Einekavane AS v/Øyvind Kristoffersen | Svar på høyringsuttale NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

**KS sak 51/2012 av den 31.mai**
**Marit Steinestø, KrF**, ber om at skriv 4 svar på Høyring NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak, kjem opp som sak i neste kommunestyremøte. Noko kommunestyre slutta seg til.

Arbeidsdepartementet har oversendt "NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak" på høyring, med frist til 13 juli for å gje uttale til utgreiinga.

## HØYRING

**NOU 2012: 6**

**Arbeidsrettede tiltak**
Utredning fra utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 29. januar 2010.

Avgitt til Arbeidsdepartementet 9. februar 2012

## UTTALE

**Arbeid til alle krev auka innsats - ASVL (organisasjon som Einekavane er tilslutta)**
ASVL konstaterer med tilfredsheit at utvalet for arbeidsrettande tiltak (Brofoss – utvalet) klart understrekar behovet for auka innsats i arbeidet med å gje arbeidsmoglegheiter til personar med redusert arbeidsevne. Dette er avgjerande dersom ein ynskjer at alle skal få ta del i arbeidslivet.
ASVL er einige i at det ordinære arbeidslivet i større grad må utnyttast som attføringsarena. Tiltaka må også i større grad bli tilpassa til den enkelte sitt behov, og tiltaksstrukturen må forenklast. Imidlertid er det ein føresetnad at bistanden – også i det ordinære arbeidslivet – blir utført av personar med attførings- og inkluderingskompetanse. I dag er det i hovudsak vekst- og attføringsbedriftene som har denne kompetansen, fundert på mange års bevisst satsing på fagutvikling og kvalitetssikring.
På bakgrunn av dette synes vi det er trist at eit mindretal av utvalet ynskjer å kaste over bord tiltaksbedriftene sin kompetanse og erfaring, og gje seg ut på det som berre kan karakteriserast som eit storstilt eksperiment gjennom utvalet sin modell 2.

For å gje jobbmoglegheit til fleire med redusert arbeidsvene, meiner ASVL at målgruppene er best tent med å behalde kjerna i dagens system, samstundes som ein ny framtidig modell tar opp i seg viktige forbetrings- og utviklingsområde for tiltaksbedriftene. I tillegg bør NAV reindyrke si rolle som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans. Forutsigbarheit og tett samarbeid mellom partane vil gje betre resultat enn fri konkurranse. Difor er det gledeleg at fleirtalet av utvalet går inn for modellar som sikrar den langsiktigheita og tryggleiken for den enkelte som ligg i ei ordning med førehandsgodkjende aktørar.
ASVL konstaterer også at eit samla utval går inn for å oppretthalde og vidareutvikle ordninga med varig tilrettelagd arbeid (VTA) for personar med særleg store behov. Dette bør skje ved at det både blir fleire VTA – tilbod i ordinært arbeidsliv, og ved å auke talet på VTA – plassar i vekstbedrifter og andre bedrifter i den såkalla skjerma sektor. Gjennom det høge talet personar som i dag blir henvist til dagsenterplass i staden for arbeid, er det etter vårt syn behov for begge delar.

# FAKTA

## SAMANDRAG AV BROFOSS-RAPPORTEN

DÅ REGJERINGA I JANUAR 2011 SETTE NED UTVALET FOR ARBEIDSRETTANDE TILTAK TOK DET I FØLGJE MANDATET UTGANGSPUNKT I AT ARBEID FOR ALLE ER EIT OVERORDNA MÅL, OG DET FAKTUM AT ALTFOR MANGE STÅR UTANFOR ARBEIDSLIVET. UTVALET SKULLE BL.A. VURDERE VEKST- OG ATTFØRINGSBEDRIFTENE SINE (SÅKALLA SKJERMANDE VERKSEMDER) ROLLER I ARBEIDSMARKNADSPOLITIKKEN, OG SJÅ PÅ ALTERNATIVE MODELLAR FOR KORLEIS BEHOVA TIL MÅLGRUPPENE KAN DEKKAST I FRAMTIDA. VIDARE SKULLE ROLLEFORDELINGA MELLOM TILTAKSBEDRIFTENE, DEIRA EIGARAR, ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN OG ANDRE AKTØRAR BLI GJENNOMGÅTT. FORSLAG TIL FORBETRINGAR SKULLE HALDAS INNANFOR EI KOSTNADSNØYTRAL RAMME.
Utvalet greidde ikkje å samle seg om ein modell og leverte i begynnelsen av februar 2012 ei tredelt innstilling.

Usemja kan veldig kort oppsummerast slik:
Nokre medlemmer i utvalet ynskjer å utvikle dagens ordning med førehandssgodkjende tiltaksbedrifter (modell 1), andre medlemmer ynskjer kun å bruke ordinære bedrifter som arena (modell 2), og nokre ynskjer å opne for fleire enn dagens førehandsgodkjente bedrifter i enkelte tiltak (modell 3).
Samtlege modellar går inn for auka bruk av ordinært arbeidsliv som attføringsarena. Modellane 1 og 3 er einige om å behalde VTA-tiltaket (varig tilrettelagt arbeid) som i dag, med ein auke i tal plassar. Slik ASVL les det går også modell 2 inn for ei vidareføring av VTA.

**Modell 1: Individ- retting og førehandsgodkjenning**
Denne har størst tilslutning i utvalet (6 medlemmer), og blir støtta av ASVL sin representant i utvalet. Modell 1 har hovudfokus på brukarar med samansette bistandsbehov. Med dette meiner ein ikkje berre utfordringar med sjukdom, skade eller lyte som hindrar arbeidsdeltaking, men at personen slit med å meistre livet sitt i breiare forstand.
Modellen baserer seg på ei vidareutvikling av dagens system med direkte avtalar mellom NAV og førehandsgodkjende tiltaksbedrifter (tidligare tiltaksarrangørar). Hovudgrepet er å flytte innsatsen frå aktivitetsrettande til individrettande tiltak, som tyder at fire av dagens tiltak skal erstattast med to nye tiltak:

- Arbeidsinkluderande tiltak (APS og Avklaring og AB ved behov)

- Kvalifiserande tiltak (AB og KIA)

Dette betyr at ein skal jobbe heilskapleg og også bruke AB når det er behov for det.
Det blir lagt opp til at ordinært arbeidsliv i større grad enn i dag skal brukast som arena i attføringsarbeidet, men det blir understreka at det ikkje alltid er føremålstenleg, spesielt i ein tidleg fase av tiltaka.
Modellen legg opp til ei vidareføring av dagens modell når det gjeld VTA, VTO (varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd) og TIA (tilrettelagt arbeid i attføringsbedrift). Det skal i større grad vurderast om det er mogleg å bruke ordinært arbeidsliv som arena for attføringa, der det er føremålstenleg.
Modellen opnar for at VTA-tilsette kan tilsettast på prøve i ordinære bedrifter med moglegheit for retrett. Tiltaksbedriftene vil ha ansvar for oppfølging av VTA-tilsette.
Modellen legg ikkje opp til at Arbeids- og velferdsetaten skal utføre attføringstenester for personar med samansette bistandsbehov, men forsterkar etaten si rolle når det gjeld arbeidsavklaring og oppfølging av tiltaksbedriftene.

**Modell 2: Arbeidsinkluderingsmodellen**
Modell 2 går inn for å satse på ordinært arbeidsliv som framtidas attføringsarena. Modellen har tilslutning frå 5 av utvalet sine medlemmer.
Modellen inneber blant anna:

- Skarpare søkelys på oppfølgingsfunksjonen inn mot ulike typar trenings-, opplærings og arbeidsforhold i det ordinære arbeidslivet
- Vekt på tidleg utplassering i ordinært arbeidsliv
- Styrke inkluderingskompetansen i det ordinære arbeidsliv
- Auke av desse tilboda på bekostning av midlertidige tilbod i skjerma omgjevnader
- Sleppe til fleire aktørar som kan bidra med kraft og kompetanse inn i arbeidslivet og opne for at NAV sjølv kan yte denne typen tenester

Målet er også at ein gjennom eit fleksibelt individuelt tilpassa oppfølgingstilbod, kombinert med andre verkemiddel, vil redusere opplevd arbeidsgjevarrisiko.
Slik ASVL ser det vil modellen bety ein radikal nedtrapping av store delar av skjerma sektor. Modellen legg også opp til at NAV på sikt sjølv overtek det meste av attføringsarbeidet og brukar ordinært arbeidsliv som arena.

**Modell 3: Modell for konkurranseutprøving**
Innhaldet i modell 3 ligg mellom modell 1 og 2, og har tilslutning frå 3 av utvalets medlemmar.
Modellen legger opp til eitt eksternt tiltak (skal gå føre seg i ordinært arbeidsliv) og eitt internt tiltak (gå føre seg i skjerma sektor).
Det interne tiltaket, som har fått namnet Opplæring og praksis (OoP), er ei samanslåing av APS, Kvalifisering og delvis AB. Tanken er at dagens tre tiltak skal erstattast med eit meir fleksibelt konsept. Med konsept meiner ein metodiske opplegg retta mot bestemte målgrupper. Det nye tiltaket (OoP) blir sett av til førehandsgodkjende tiltaksbedrifter.
Det andre tiltaket, Arbeidspraksis med støtte (AmS), baserer seg på tidleg utplassering i ordinære verksemder (liknar på supported employment). AmS-tiltaket blir sett ut på anbod gjennom avgrensa konkurranse mellom tilbydarane som tilfredsstiller visse kriterier, som skal sikre seriøsitet og kvalitet.
Modell 3 legg opp til at det skal vere ein konkurranse mellom tiltaka AmS og OoP – i motsetnad til modell 2 som har tidleg utplassering i ordinære bedrifter som hovudregel.

Føremålet med konkurransen mellom tiltaka AmS og OoP er å stimulere til betre kvalitet og utvikling.
Desentralisert myndighet og lokal tilpassing er viktige element i modell 3, og det blir forutsatt at fordelinga mellom tiltaka OoP og AmS blir avgjort lokalt. Dette vil seie at konsepta innanfor OoP-tiltaket blir utforma i eit samarbeid mellom Arbeids- og velferdsetaten og tiltaksbedrifta.
Slik ASVL les modell 3 er det stor usikkerheit med tanke på kor mange tiltaksplassar skjerma sektor til ei kvar tid vil ha. Så lenge det ikkje er lagt fram ei tydeleg fordeling av dei to tiltaka på overordna nivå, kan i praksis all attføring gå føre seg i ordinært arbeidsliv, med anbodsutsetting. Modell 3 betyr også at NAV blir ein konkurrent til Vekst og Attføringsbedriftene.
Medlemmane bak modell 3 foreslår å styrke tiltaka VTA og VTO, både når det gjeld tal tiltaksplassar og når det gjeld innhald. Det blir foreslått at desse tiltaka blir skild ut som ein eigen post på statsbudsjettet.

## VURDERING

Masfjorden kommune er glad for at Brofoss-utvalet ynskjer å styrkje dei moglegheitene til arbeid personar med redusert arbeidsevne har. Vi er og tilfreds med at utvalet understrekar behovet for å auke innsatsen overfor desse målgruppene. Etter vårt syn er dette heilt naudsynt dersom vi skal lukkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Vi registrerer samstundes at utvalet er delt i si tilråding av framtidig innretting av arbeidsretta tiltak og set fram forslag til tre ulike modellar. På bakgrunn av dette bør det etter vår meining lagast ei stortingsmelding, der Regjeringa klargjer sine preferansar. På denne måten får vi naudsynt grunnlag for å treffe rett beslutning.

Masfjorden kommune støttar modellen som har størst oppslutnad i utvalet, heretter kalla modell 1.

## KONKLUSJON

innarbeidd som framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Formannskapet | 12.06.2012 | 063/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 063/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| **Arkiv:** N-317 | **Arkivsaknr.: 11/737** |
|---|---|

# SAK 063/12 - BUSTADPROSJEKT EINEKAVANE PÅ MATRE

## RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

- Masfjorden kommune sluttar seg til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med leige av inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11 og 29/12 og godkjenner leigekontrakt.

- 2 av dei 4 bueiningane som kommunen sluttar seg til prosjektet med, vert prøvd selt før realisering av prosjektet, og dermed reduserer ein kommunen sin medverknad i prosjektet.

**Finansiering**
del av driftsbudsjettet frå 2014

**Heimel**
Kommunestyresakene 38/11 og 29/12

# FS-063/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Masfjorden kommune sluttar seg til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med leige av inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11 og 29/12 og godkjenner leigekontrakt.

- 2 av dei 4 bueiningane som kommunen sluttar seg til prosjektet med, vert prøvd selt før realisering av prosjektet, og dermed reduserer ein kommunen sin medverknad i prosjektet.

**Det skjedde i Formannskapet den 12.06.2012:**

Rådmannen orienterte og saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# KS-063/12 VEDTAK:

- **Masfjorden kommune sluttar seg til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med leige av inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11 og 29/12 og godkjenner leigekontrakt.**

- **2 av dei 4 bueiningane som kommunen sluttar seg til prosjektet med, vert prøvd selt før realisering av prosjektet, og dermed reduserer ein kommunen sin medverknad i prosjektet.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Frode Langhelle, H, fekk permisjon før handsaming av denne saka.

Kjell Løvik kom inn som vara etter at handsaming av saka var starta. Ordførar Karstein Totland orienterte då om at Løvik ikkje kunne vera med i handsaminga av saka sidan den var starta før han tiltrådde møtet.

Det er då 15 personar med under handsaming av denne saka.

Saka vart drøfta.

**Arthur Sjursen, Ap**, sa at Ap er positiv til prosjektet. Vedtektene for dei kommunale bustadane med 80 % subsidiering også bør gjelda i dette prosjektet.

**Vigdis Søvik, Sp,** opplyste om at Sp i førre møte sa at dei vil ta denne saka til kontrollutvalet for å sjekka lovlegheita av eit slikt vedtak i høve kommunelova.
Søvik sa at ho etter det har snakka med revisjonen som sa at dei ikkje kunne sjå at dette kom i konflikt med kommunelova, men dei skulle undersøkja dette nærare.
Søvik sa at dette er kostbart for kommunen og med ei leigetid på 20 år og det at kommunen har ikkje bruk for meir enn to husvære medverkar til at Sp vil gå i mot framlegg til vedtak.

## Røysting:

**Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 13 mot 2 røyster. (SP)**

( To frå Høgre var ikkje med i avrøysinga)

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 17.11.2011 | Bjørnar Vik | Prosjekt Einekavane - referat mm |
| 2 | I | 17.11.2011 | Bjørnar Vik | Prosjekt Einekavane- referat møte 17.06.11. |
| 4 | I | 02.12.2011 | Havbruksstasjonen v/Øyvind Torslett | Boliger i Masfjorden |
| 7 | I | 07.06.2012 | Svein-Helge Hofslundsengen | Forslag leigekontrakt |
| 8 | I | 07.06.2012 | Bjørnar Vik | Referat møte 02.05.12- Einekavane |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

Kommunen har hatt som hovudmål å auka folketalet. At innflyttarar finn ein tenleg utleigebustad slik at dei kan trivast og velja å byggja og bu her, er viktig. Det har over tid vore dialog mellom kommunen, Havforskingsinstituttet, BKK og moglege andre interessentar – m.a. vurdering og vedtak kring skiping av bustadstifting, alternative løysingar, men denne dialogen har førebels ikkje ført fram til endeleg resultat. Aktuelle prosjekt på Einekavane har 4 partar arbeid med ei tid, og prosjektet er komme så langt at det har vore på anbod, og det meste av forarbeidet er gjennomført. HI og BKK har vore klar på at dette er eit fellesprosjekt - som krev at kommunen må vere med i samarbeidet, elles vert det ikkje noko av. Rammeløyve frå kommunen si side er heimla i

### *KS-038/11 VEDTAK:*

5. ***Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.***

***og seinare som vedtak sak KS-29/12***

**Masfjorden kommune forpliktar seg til å bidra til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11.**

**Det vert arbeid vidare med løysingsalternativ for kommunal del, ut i frå den opninga ein har fått i høve til å bli fristilt til løysing og minimalisering av netto kostnader for kommunal medverknad.**

# FAKTA

**Hovedpunkt (jf. opphavleg sak til formannskapet 30.11.2011):**

Beskrivelse av bygget:
1. etasje:
2 stk 3-roms a 66,8 m2
3 stk 2-roms med areal 56.8 m2, 50,8 m2, og 50,7 m2.
4 hyblar a 21,8 m2

2.etasje:
2 stk 3-roms a 57,7 m2
3 stk 2-roms med areal 49,0 m2, 43,4 m2,og 43,4 m2.
3 hyblar a 18,8 m2.
1 rom for felles vask / tørk

10 stk boder a 5 m2 i 2 stk frittståande bygningar

Universell utforming: dette er gjort gjeldande for 1. etasje, ikkje for 2.etasje. ( iht forskrifter )

Bebygd areal:
1.etasje: 439 m2 BTA
2.etasje. 382 m2 BTA
Boder: 64 m2 BTA

Oppvarming / ventilasjon: Separate varmepumper, balansert ventilasjon
Leiligheitene blir utstyrt med kjøkken / kvitevarer, og ferdig utstyrte bad

Byggekostnad: 16.000.000.-

Berekna husleiger pr. månad:
3-roms: 9.800.- **(no redusert til 8.600,-)**
2-roms: 8.700.-
Hyblar: 4.785.-

**Hovudelement leigekontrakt:**
**20 års leigetid**
**Leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald, utleigar ansvar for utvendig vedlikehald**
**Utleigar har kontrakt direkte med aktørane BKK, kommunen og Havforskingsinstituttet.**
**Kontrakten justerast årleg med 70% av konsumprisindeksen**

utdrag frå leigekontrakt;

4 stk 3-roms leiligheiter med areal henholdsvis 66,8 m2, 66,8 m2 og 57,7 m2 og 57,7 m2 , (seksjonsnr. settes inn ) )
Månadsleige er 8.600.- for kvar leilegheit, og regulerast i samsvar med kontraktens pkt. 4.

viser elles til leigekontrakt som følgjer som saksvedlegg.
BKK og HI har godkjent tilsvarande utkast til leigekontrakt – slik at kommunen er den siste av aktørane som tek stilling til prosjektet.

## VURDERING

Rådmannen meiner at det er behov for fleire utleigebustader i alle deler av kommunen. Utfordringa framover er å få næringslivet og private til å interessera seg for å etablera utleigebustader. Kommunen bør vera positive til å samarbeida med private/næringsliv om slike prosjekt. Slik den økonomiske framtidsutsiktene for kommunen ser ut, er det ikkje mogleg å halda fram med store investeringar i utleigebustader. Kommunen har ein betydeleg kapital bunden til eksisterande kommunale bustadmasse. Ikkje alle bueiningar som kommunen disponerer er like tenlege i dag. Det er derfor viktig å vurdera eigedommane og selja dei bustadene ein ikkje kan nytta effektivt ut frå behova i dag. Slik kan ein kan få handlingsrom til å etablera bustader som er tenlege for målgruppene som vedtektene prioriterar.

Masfjorden kommune har hatt som mål å auka folketalet, og for å lukkast med dette må kommunen aktiv medverke. Bustadsituasjonen på Matre er vanskeleg. BKK har no selt dei fleste husa sine, og mangelen på utleigebustader hindrar tilflytting. Me har arbeidd med bustadstifting, og med bygging av utleigebustader i eit samarbeid med BKK og Statsbygg, førebels utan resultat. Statsbygg skrinla sine planar om å byggja utleigebustader på Matre. Det er no kome eit nytt initiativ frå private, lokale næringsinteresser som vil vurdera å byggja utleigebustader på Matre. Kommunen bør medverka positivt til dette, saman med BKK og HI. Dersom det lukkast å realisera eit slikt prosjekt, må kommunen garantera for leiga på 4 (som ein prøver å redusere til 2 ved sal av 2 einingar) husvære, slik intensjonen var i det planlagde samarbeidet med Statsbygg.

Prosess med dette prosjektet har vore veldig avklarande i høve prissetjing av kommunen sine eigne utleigebygg, og ein har fått klargjort at ein ligg langt unna sjølvkost for dei aller fleste einingane. Slik at når ein hadde saka oppe til førstegangshandsaming (hausten 2011) la ein til grunn at dei kommunale husleigesatsane var tilnærma sjølvkost – og dermed hadde ein då ei negativ innstilling til saka. Etter som ein arbeidde med husleigesatsane i kommunen og ikkje minst normen for løpande vedlikehald som kommunen ikkje har makta å halde, meiner ein at prosjektet er nøkternt og godt. Gjennomføring av dette prosjektet med sanering av ei rekkje utleigeeiningar elles i Matre (BKK & HI), medfører at ein ikkje aukar utleigekapasiteten. Behovet er og blir stort signaliserer HI, som meiner at dei vil ha behov for kommunen sin del i lang tid framover – og såleis er ein ikkje dei store problema med utleige. Ein legg vidare opp til sal av 2 av bueiningane innan leigeperioden til kommunen startar, slik at ansvaret for kommunen vert redusert. Kommunen må medverke krev dei andre aktørane for at prosjektet kan gjennomførast.

Ein har vurdert alternative løysingar til medverknad til prosjektet – søkt m.a. 1) om opptak til statleg satsing bustadar utkantstrøk med statleg medfinansiering (12 kommunar av 82 kom inn under programmet – men Masfjorden kom ikkje med i ordninga denne gong), 2) vurdert å gå inn på eigarsida, 3) skilje ut den kommunale delen som eigen part. Ein har valt å gå for ei løysing basert på leigekontakt med utbyggjar.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at Masfjorden kommune sluttar seg til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med leige av inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11 og 29/12 i samsvar med leigekontrakt. 2 av dei 4 bueiningane som kommunen sluttar seg til prosjektet med, vert prøvd selt før realisering av prosjektet, og dermed reduserer ein kommunen sin medverknad i prosjektet.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Formannskapet | 12.06.2012 | 058/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 064/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-7, N-56 | **Arkivsaknr.: 12/327** |

# SAK 064/12 - REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2013 - 2024 - HØYRINGSFRAMLEGG

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune vil be om at desse endringane vert gjort i Regional Transportplan (RTP) 2013-2024 (alle punkt relatert til handlingsprogrammet til RTPén):**
***Endring av siste avsnitt under Masfjorden kommune*** **(side 17):**
*"Vegdirektoratet si bruavdeling har utarbeidd skisser for alternative bruløysingar med kostnadsoverslag. Kostnadane for sjølve bruprosjektet vil vera i storleiksorden 730 mill kr, og av- og påkøyrslene til brua vil etter vegvesenet sine skisser og utrekningar verta relativt rimelege – om lag 30 mill.kr.*

*Bompengar vil vera eit vesentleg finansieringselement, og Masfjorden kommune vil arbeida vidare med prosjektet for å få det nærare konkretisert til ei seinare rullering av RTP.»*

***Nytt punkt under Aktuelle bompengepakkar*** (side 19-20):
*«Masfjorden kommune har vedteke å starta arbeidet med bru over Masfjorden for både å betre det interne sambandet i kommunen og det regionale sambandet i den nordre delen av Nordhordland og ytre delen av Gulen. Tiltaket vil òg betra transporttilbodet i beredskapssamanheng ved stengingar på E39. Masfjorden kommune vil arbeida vidare med finansiering, der bompengar vil vera ein vesentleg del."*

***Andre merknader:***
*Masfjorden kommune ber Hordaland fylkeskommune justere kategoriseringa for fylkesvegar slik at heile strekninga på FV-570 frå Andås kryss i Lindås kommune til Steine ved grensa til Gulen kommune/ Sogn og Fjordane fylke vert kategorisert i det overordna fylkesvegnettet.*

*Ordninga med forskottering må framleis vere ei muleg løysing, spesielt for dei kommunane som ikkje har fått igjennom prosjekt tidlegare (som side 35-38 viser er få av fylkets kommunar). Men ordninga bør strammast til, slik at sum refusjonar vert større, og årleg tildelingar/forskottering vert mindre.*

**Heimel**
m.a. eigen kommuneplan

# FS-058/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**Masfjorden kommune vil be om at desse endringane vert gjort i Regional Transportplan (RTP) 2013-2024 (alle punkt relatert til handlingsprogrammet til RTPén):**

***Endring av siste avsnitt under Masfjorden kommune*** **(side 17):**
*"Vegdirektoratet si bruavdeling har utarbeidd skisser for alternative bruløysingar med kostnadsoverslag. Kostnadane for sjølve bruprosjektet vil vera i storleiksorden 730 mill kr, og av- og påkøyrslene til brua vil etter vegvesenet sine skisser og utrekningar verta relativt rimelege – om lag 30 mill.kr.*

*Bompengar vil vera eit vesentleg finansieringselement, og Masfjorden kommune vil arbeida vidare med prosjektet for å få det nærare konkretisert til ei seinare rullering av RTP.»*

***Nytt punkt under Aktuelle bompengepakkar*** (side 19-20):
*«Masfjorden kommune har vedteke å starta arbeidet med bru over Masfjorden for både å betre det interne sambandet i kommunen og det regionale sambandet i den nordre delen av Nordhordland og ytre delen av Gulen. Tiltaket vil òg betra transporttilbodet i beredskapssamanheng ved stengingar på E39. Masfjorden kommune vil arbeida vidare med finansiering, der bompengar vil vera ein vesentleg del."*

***Andre merknader:***
*Masfjorden kommune ber Hordaland fylkeskommune justere kategoriseringa for fylkesvegar slik at heile strekninga på FV-570 frå Andås kryss i Lindås kommune til Steine ved grensa til Gulen kommune/ Sogn og Fjordane fylke vert kategorisert i det overordna fylkesvegnettet.*

*Ordninga med forskottering må framleis vere ei muleg løysing, spesielt for dei kommunane som ikkje har fått igjennom prosjekt tidlegare (som side 35-38 viser er få av fylkets kommunar). Men ordninga bør strammast til, slik at sum refusjonar vert større, og årleg tildelingar/forskottering vert mindre.*

**<u>Det skjedde i Formannskapet den 12.06.2012:</u>**

Saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# KS-064/12 VEDTAK:

**Masfjorden kommune vil be om at desse endringane vert gjort i Regional Transportplan (RTP) 2013-2024 (alle punkt relatert til handlingsprogrammet til RTPén):**

***Endring av siste avsnitt under Masfjorden kommune* (side 17):**
***"Vegdirektoratet si bruavdeling har utarbeidd skisser for alternative bruløysingar med kostnadsoverslag. Kostnadane for sjølve bruprosjektet vil vera i storleiksorden 730 mill kr, og
av- og påkøyrslene til brua vil etter vegvesenet sine skisser og utrekningar verta relativt rimelege – om lag 30 mill.kr.***

***Bompengar vil vera eit vesentleg finansieringselement, og Masfjorden kommune vil arbeida
vidare med prosjektet for å få det nærare konkretisert til ei seinare rullering av RTP.»***

***Nytt punkt under Aktuelle bompengepakkar* (side 19-20):**
***«Masfjorden kommune har vedteke å starta arbeidet med bru over Masfjorden for både å betre det interne sambandet i kommunen og det regionale sambandet i den nordre delen av Nordhordland og ytre delen av Gulen. Tiltaket vil òg betra transporttilbodet i beredskapssamanheng ved stengingar på E39. Masfjorden kommune vil arbeida vidare med
finansiering, der bompengar vil vera ein vesentleg del."***

***Andre merknader:***
***Masfjorden kommune ber Hordaland fylkeskommune justere kategoriseringa for fylkesvegar slik at heile strekninga på FV-570 frå Andås kryss i Lindås kommune til Steine ved grensa til Gulen kommune/ Sogn og Fjordane fylke vert kategorisert i det overordna fylkesvegnettet.***

***Ordninga med forskottering må framleis vere ei muleg løysing, spesielt for dei kommunane som ikkje har fått igjennom prosjekt tidlegare (som side 35-38 viser er få av fylkets kommunar). Men ordninga bør strammast til, slik at sum refusjonar vert større, og årleg tildelingar/forskottering vert mindre.***

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**
Uttale til Regional Transportplan 2014 - 2023 frå Regionrådet vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta – rådmann knytte siste del i vedtaket til avbøtande tiltak sak om linje Modalen – Mongstad, og påpeikte elles skeivfordeling av investeringsmidlar mellom regionane i fylket.

## Røysting:

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 30.04.2012 | Hordaland fylkeskommune | Regional transportplan Hordaland 2013 - 2024 - høyring av planframlegg med handlingsprogram |
| 2 | U | 04.06.2012 | Regionrådet Nordhordland | Uttale til regional transportplan 2014-2023 |
| 4 | I | 07.06.2012 | Masfjorden kommune | Masfjordsambandet - forprosjekt |




# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

Hordaland fylkeskommune har lagt fram **regional transportplan** (RTP) pr. april 2012 inkl. handlingsprogram med høyringsfrist 30. juni 2012.

## HØYRING

Heile planframlegget med vedlegg er open for høyring, og det er oppretta ei høyringsside, www.hordaland.no/rtp-hoyring

Masfjorden kommune var godt representert under Hordaland fylkeskommune sin høyringskonferanse kring RTPén 8.mai 2012

## UTTALE

Det vert jobba med regional uttale, planen er at denne vert ferdigstilt 14.juni.
Masfjorden kommune sender i tillegg eigen uttale på RTP.

## FAKTA

### Kort om Regional transportplan Hordaland 2013- 2024

Regional transportplan (RTP) skal vera ein regional langsiktig strategiplan for transportsektoren i Hordaland.

Planen skal leggje grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Regional transportplan (RTP) 2013 - 2024 er inndelt i følgjande kapittel:

1. Samandrag
2. Bakgrunn og rammer for regional transportplan

3. Status, utviklingstrekk og utfordringar
4. Fylkesvegnettet
5. Kollektivtransport utanom Bergensområdet
6. Transport i Bergensområdet
7. Statleg transportansvar
8. Finansiering, forvaltning og transportberedskap

**Aktuelle prosjekt 2014 – 2017**
Økonomisk investeringsramme for perioden er 7,25 milliard kroner. Masfjorden og Nordhordland får i perioden tilført ingen midlar. fordelinga i fylket fordeler seg grovt slik;




**Bindingar 2018-2024**
På side 14 i handlingsprogrammet viser at det allereie er gjort store bindingar i løyvingar i perioden fram til 2024, med heile 4,3 milliard kroner. Det vil naturleg nok bli justeringar av dei årlege løyvingane når ein kjem nærmare 2018. I tillegg til dei bindingane som allereie er gjort, vil det kunne kome ytterlegare bindingar gjennom nye bompengeprosjekt som vert vedteke i løpet av perioden 2013 – 2017. Dette kan gjelde til dømes Nordhordlandspakken, Sotrapakken (inkludert fylkesvegar), etc.

**Aktuelle prosjekt 2018 – 2024**
I perioden etter 2017 vert det lagt opp til å prioritere bruk av midlar på fylkesvegnettet i samsvar med mål og strategiar som er foreslått i Regional transportplan. Dette inneber ei særskilt satsing på dei vegstrekningane som er definert som overordna vegnett på bakgrunn av strekningsvise gjennomgangar.
Storparten av midlane er allereie bundne opp, slik det er vist i tabell over. Dei fleste nye tiltaka også i perioden etter 2017 vil derfor kome gjennom prioriterte bompengeprosjekt. Nye strekningsvise prosjekt er avgrensa til tilgjengelige midlar innanfor strekningsvise tiltak, samt bruk av midlar innanfor programområda og posten i standardhevingstiltak.

**Kommunevis omtale av aktuelle prosjekt for gjennomføring etter 2017**
**<u>Masfjorden kommune</u>**
*Opprusting av parsellar på fv 570* Austfjordvegen. Denne vegen er svingete, smal og ulykkesutsett med større standardsprang. Det har over fleire år vore sett av planmidlar til

utbetringstiltak på strekninga som ligg på det overordna vegnettet, og det er aktuelt med punktvis utbetring i perioden 2018 – 2024. Prosjektet ligg på det overordna fylkesvegnettet.
*Bru over Masfjorden.* Etablering av fast samband frå Sandnes/Masfjorden – Duesundøy. Kommunen har arbeidd med tilrettelegging for dette prosjektet i lengre tid og har på eige initiativ gjennomført seismiske grunnundersøkingar. Prosjektet vil ha størst verdi for det interne sambandet i kommunen, men vil og betre transporttilbodet i beredskapsøyemed ved stengingar på E39. Tiltaket ligg på det øvrige fylkesvegnettet.
Det er gjennomført kostnadsanslag for bruløysingar, og totalkostnadene for prosjektet vil vere i størrelsesorden 1 mrd kroner. Vurdering av tiltaket ut frå behov og føremålsteneleg bruk av tilgjengelege midlar, tilseier at prosjektet ikkje vert prioritert for gjennomføring.

## VURDERING/

## Uttale til Regional transportplan 2014-2023.

***Masfjorden kommune synest ikkje utkastet til RTP 2014-2023 omtalar ferjefri kryssing av Masfjorden – Masfjordsambandet – på ein tilfredsstillande måte. Vi vil difor i det etterfølgjande gje litt bakgrunn for arbeidet med prosjektet, ei nærare konkretisering av det, og framlegg til ei meir dekkande formulering i RTP 2014-2023.***

**Bakgrunn.**
Masfjorden er ein god bukommune og har eit tenestetilbod av høg kvalitet. Kommunen har god dekning av skular, barnehagar og sjukeheimsplassar. Med høge folketalsframskrivingar og press på areala frå Bergen til Knarvik, og spådomar om Knarvik som bysenter, kan Masfjorden tilby nokre av dei tenestene som vil verta dyre for nabokommunar i sterk vekst. Kommuneplanen vår har blitt til gjennom god dialog med innbyggjarane, fylkeskommunen og fylkesmannen. Der er det lagt til rette for næringsutvikling, bustader og god bruk av areal. Det viktigaste målet i kommuneplanen er å snu ei mangeårig, negativ folketalsutvikling, og det viktigaste tiltaket er ferjefri kryssing av Masfjorden.

Masfjorden kommune sitt største næringsareal ligg i Sløvåg i nabokommunen Gulen, og det vart i si tid utvikla i eit samarbeid mellom dei to kommunane. Masfjorden kommune har difor stor arbeidsutvandring til Gulen ved at mange arbeider i Sløvåg men bur i Masfjorden. FV-570 mellom Masfjordnes og grensa til Gulen er såleis like overordna for Masfjorden som strekninga mellom Masfjordnes og Andås kryss. Strekninga i Nordbygda (ca.15 km) har i all hovudsak dobbel kjørebane, og vert nytta både til tenesteproduksjon ved legekontor, sjukeheim, handelssenter og hovudarbeidsplassen Sløvåg i Gulen.

Med bru over Masfjorden vil ein få ferjefri veg frå Ytre Sogn til Knarvik og Bergen.
E39 kan vera stengd vinterstid på grunn av vêrtilhøva, og dei mange tunnelane på strekket gjer vegen ekstra sårbar. Med bru vert Fv 570 eit godt alternativ som omkøyringsveg når E39 er stengd.

Tettare samarbeid, både internt i kommunen og med nabokommunane, er viktig for beredskap, gjennomføring av samhandlingsreforma, pendlarar og kollektivtransport. Næringslivet etterlyser bru, og det er i Ytre Sogn stor produksjon av laks som skal eksporterast. Industrivekstområdet Sløvåg i Gulen vil kunne få stor nytte av ei bru som gjer frakt av varer mindre avhengig av ferjer. Med bru kan store delar av Gulen kommune kome til Knarvik innan 50 min.

Folketalsframskrivingane Hordaland fylkeskommune har gjort fram mot 2030 viser negative tal for den nordlege delen av Nordhordland. Eit viktig tiltak for å snu dette er bru. Fjell/Sund/Øygarden og Lindås/Meland er alle kommunar som har opplevd sterk vekst som følgje av bru. Masfjordbrua er like viktig for Masfjorden og området rundt som Nordhordlandsbrua er for Lindås og Meland.

***Prognosane for folketalsutviklinga i Masfjorden er skræmande lesnad for alle som bur i kommunen:***

| Kommune | Folketal 1.1.2011 | Folketal 1.1.2012 | Prognose 2030 | Vekst 2012 - 2030 | Vekst i % 2012 - 2030 |
|---|---|---|---|---|---|
| Meland | 6 824 | 7 036 | 9 393 | 2 357 | 33% |
| Austrheim | 2 789 | 2 776 | 3 538 | 762 | 27% |
| Lindås | 14 516 | 14 668 | 17 945 | 3 277 | 22% |
| **Bergen** | **260 392** | **263 762** | **317 952** | 54 190 | **21%** |
| Hordaland | 484 240 | 490 570 | 581 011 | 90 441 | 18% |
| Osterøy | 7465 | 7521 | 8438 | 917 | 12% |
| Radøy | 4 896 | 4 952 | 5 493 | 541 | 11% |
| Masfjorden | 1 672 | 1 683 | 1 456 | -227 | -13% |
| Modalen | 370 | 370 | 293 | -77 | -21% |
| Fedje | 587 | 576 | 451 | -125 | -22% |
| Gulen | 2299 | 2310 | 2338 | 28 | 1% |
| **Nordhordland** | 41 418 | 41 892 | 49 345 | 7 453 | 18% |

Kjelde: Hordaland fylkeskommune sin presentasjon *"Hovudpunkt frå utfordringsdokumentet"*.

**Bruprosjektet.**

Både Hardangerbrua og Jondalstunnelen er gode og viktige prosjekt for fylket. Nytten av ei bru over Masfjorden vil, basert på dei kostnadsoverslaga og trafikkprognosane som er utarbeidde, vera signifikant høgare enn for Hardangerbrua, og fleire gongar høgare enn for Jondalstunnelen. Masfjordbrua må difor seiast å vera eit gjennomtenkt og godt prosjekt.

Det er utført finansieringskalkylar ved hjelp av Statens vegvesen sin bompengemodell, og ein går ut frå ei tradisjonell bompengeløysing med 15 års nedbetalingstid.
Lånerente: 4,5%
Takstnivå ca 80 kr (snitt per køyrety).
Nedbetalingstid 15 år.
Trafikkgrunnlag (2010): 613 ÅDT
Årleg trafikkvekst 2,5%
Anleggskostnader 760 mill kr
Driftskostnader bomstasjon: 2,0 mill kr per år.

Det er rekna med gunstig rentenivå (4,5%) for å vise potensialet for bompengefinansiering. I samband med ein bompengesøknad kan det vere aktuelt å rekne på høgare rentenivå etter krav frå vegstyresmaktene (6,5%). På eit seinare tidspunkt vil ein kunne leggje til grunn ei lågare rente ved eventuell avtale med bank/finansieringsinstitusjon (opsjon eller liknande). Bompengar på brua vil vere ein viktig del av finansieringa. Ein legg til grunn eit takstnivå tilsvarande ferjekostnadene i dag + 40%. Med rabattordningar i bompengesystemet er det rekna eit nivå på snittakst (inntekt pr. køyrety) på ca. 80 kr (2011-nivå).

Masfjorden kommune har gjort vedtak om å gå inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel i Masfjordsambandet. Dette vil skje i form av ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår. Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, og årlege avdrag og renter vert dekka av kraftfondet.

Med etablering av bru over Masfjorden kan Hordaland fylkeskommune avslutte kabelferjesambandet mellom Masfjordnes og Duesundøy. Det vil gi ei årleg innsparing basert på dagens nivå på rundt 5 mill kr..

Når det gjeld anna finansiering er det sett på 2 alternativ:
Alt. 1. Fylkeskommunale vegmidlar
Alt. 2. Fylkeskommunale vegmidlar + konsesjonskraftmidlar

Dersom det vert opna for OPS-løysingar, bør også slike løysingar kunne vurderast som bygge- og finansieringsmodell.

Konkurransen om vegmidlane til fylkesvegar er hard, og ein har difor lagt til grunn at midlane kjem langt fram i tid og vert fordelt over fleire periodar (2018-21 og 2022-25).

Større samferdselsprosjekt som Folgefonntunnelen, Hardangerbrua og Jondalstunnelen har vore delfinansiert med fylkeskommunale konsesjonskraftmidlar. Dette er gjort med bakgrunn i at ressursane som genererer desse midlane er henta ut frå området dei aktuelle samferdselsprosjekta er plasserte i.

I storleiksorden 25% av dei fylkeskommunale konsesjonskraftmidlane vert «henta» frå Nordhordland, dvs. Masfjorden og Modalen kommunar, og det kan vere rimeleg å vurdera slike midlar i samband med større samferdselsprosjekt også i dette området. Masfjordsambandet er det første store samferdselsprosjektet i denne kategorien.

Det er rekna på eit alternativ med konsesjonskraftmidlar på 12 mill. pr år i perioden 2016-2030.

Kalkylane syner at bompengane kan finansiere ca. 42% av investeringskostnadene (320 mill.kr.). I tillegg vil bompengane dekkje alle finansieringskostnadene og drift av bomstasjon. Til å dekkje resten av investeringskostnadene innanfor ei nedbetalingstid på 15 år, er det rekna på 2 alternativ:

Alternativ 1. Vegmidlar
- 100 mill.kr. kvart år 2018-21 i fylkeskommunale vegmidlar, alternativt ca. 50 -55 mill.kr. kvart år dersom ein fordelar løyvingane på to vegplanperiodar (2018-21 og 2022-25). Sum løyving frå fylkeskommunale vegmidlar vert med dette ca 400 mill.kr.

Alternativ 2. Vegmidlar + konsesjonskraftmidlar
- 12 mill.kr. kvart år i perioden 2016-30 frå fylkeskommunale konsesjonskraftmidlar
- 30 mill.kr. kvart år 2018-21 i fylkeskommunale vegmidlar
- 40 mill.kr. kvart år 2022-25 i fylkeskommunale vegmidlar

Sum løyving frå fylkeskommunale vegmidlar vert med dette 280 mill.kr.

***Framlegg til ei meir dekkande formulering i RTP 2014-2023 er innarbeidd i framlegg til vedtak.***

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune har tilført og kjem til å tilføre fylkeskommunen mykje midlar relatert til spesielt konsesjonskraft - og ein meiner at opprusting av vegnettet og Masfjordsambandet er noko ein har moralsk krav på som ei motyting av den langvarige pengestraumen frå kommunen til sentrale strøk. Ein opplever stadig at pengestraumen går til sentrale strøk, og der verdiskapinga reelt skjer får for lite att - noko oversynet over investeringsmidlane i RTP 2014-17 klart syner. Elles viser ein til det som er innarbeidd i framlegg til vedtak/sjølve uttalen.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Formannskapet | 12.06.2012 | 062/12 | Ørnulf Lillestøl |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 065/12 | Ørnulf Lillestøl |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-016, N-40 | **Arkivsaknr.: 12/14** |

# SAK 065/12 - SAMHANDLINGSREFORMA - AVTALAR FRÅ 01.07.12 MED HELSEFØRETAK

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune underteiknar overordna samarbeidsavtale med tilhøyrande tenesteavtalar med Helse Bergen og Haraldsplass sjukehus.

# FS-062/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune underteiknar overordna samarbeidsavtale med tilhøyrande tenesteavtalar med Helse Bergen og Haraldsplass sjukehus.

**Det skjedde i Formannskapet den 12.06.2012:**
Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl møtte til denne saka og orienterte kort. Saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# KS-065/12 VEDTAK:
**Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune underteiknar overordna samarbeidsavtale med tilhøyrande tenesteavtalar med Helse Bergen og Haraldsplass sjukehus.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**
Kjell Løvik, H, tiltrådde no møtet som vara for Frode Langhelle.

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

## Røysting:

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 04.10.2011 | Postmottak HOD | Iverksetting av samhandlingsreformen - informasjon om lovpålagte samarbeidsavtaler, ikrafttredelsestidspunkt og arbeidet med en nasjonal veileder |
| 3 | I | 18.11.2011 | Helsedirektoratet | Kommunal medfinansiering - A konto-basert oppgjør 2012 |
| 2 | I | 21.12.2011 | Helse Bergen v Magne Høglid Koordinator Samarbeid | Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i |
| 4 | I | 23.12.2011 | Magne Helse Bergen v/Høgelid | Felles grunnlagsdokument og avtaleverk med frist for vedtak 31.01.12. |
| 6 | I | 20.01.2012 | Ørnulf Lillestøl | Avtalar samhandling - tjenesteavtale for samarbeid om innleggelse og utskrivning |
| 7 | I | 20.01.2012 | Ørnulf Lillestøl | Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og Tjenesteavtale for samarbeid om |
| 8 | I | 23.01.2012 | Helse- og omsorgsdepartementet | Brev om utskrivningsklare pasientar |
| 9 | U | 09.02.2012 | Magne Helse Bergen v/Høgelid | Melding om politisk vedtak - Samhandlingsreforma - avtalar med helseføretak |
| 11 | I | 13.03.2012 | Helsedirektoratet | Informasjon om inngåtte samarbeidsavtalar mellom kommunar og helseføretak |
| 12 | I | 09.05.2012 | Helse Bergen v/koordinator SSE | Samarbeidsavtalar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta til formell behandling hjå partane |

# SAKSUTGREIING:

**Saka gjeld:**
**Samarbeidsavtalar mellom kommune og regionale helseføretak til handsaming hjå partane**

I denne saka vert det lagt fram til handsaming for iverksetjing frå 1. juli 2012:
Overordna samarbeidsavtale og tilhørande Tenesteavtalar.

## BAKGRUNN

Samhandlingsreforma vert i verksett gradvis frå 2012.
Eit av verkemidla for å gjennomføre og utvikle reforma er samarbeidsavtalar mellom kommunar og regionale helseføretak (helse- og omsorgslova § 6-1 og spesialisthelsetenestelova § 2-1 e.)
Avtalane skal vere eit sentralt verktøy for å legge til rette for drifts- og utviklingsoppgåver og handtering av ulike spørsmål.
Departementet vedtok at det innan 31. januar 2012 skulle utarbeidast samarbeidsavtalar i trå med gjennomføringa av dei økonomiske verkemidla i samhandlingsreforma.
Kommunestyret vedtok i samsvar med dette tre avtalar 31. januar 2012.
I same møte vedtok kommunestyret å slutte seg til Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og 22 kommunar i lokalsjukehusområdet.

## FAKTA

**Saksutgreiing:**
Helse og omsorgsdepartementet har bestemt at alle lovfesta avtalar skal vere inngått og gjelde frå 1. juli 2012.
Kommunestyret handsama tre avtaler i møte den 31.januar 2012.

- Overordna samarbeidsavtale- avtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for.
- Tenesteavtale for omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda.
- Retningsliner for samarbeid om innlegging i og utskriving frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS.

I denne saka vert det framlagt ein overordna samarbeidsavtale og 10 tenesteavtalar. Det er eit betydelig avtaleomfang med svært mange partar involvert.
Avtalane heng i stor grad saman og tangerer kvarandre på fleire felt. Avtalane skal vere av ein slik art at dei på flest mulig område blir likelydande for samelege 22 kommunar og spesialistinstitusjonar. Det er ei utfordring å ivareta dette omsynet samtidig med ønsket om at avtalane skal vere mest mulig konkret for å komme til reell nytte i det daglige samarbeidet mellom partane. Den korte tida som har vært til rådigheit for dette arbeidet har gjort prosessen krevjande. Det har vært nedsett arbeidsgrupper for alle tenesteområda med brei representasjon frå spesialisthelsetenesta, dei 22 kommunane, KS, brukarorganisasjonane og de i tilsette sine fagorganisasjonar. Prosessen har vert omfattande og med stort vekt på inkludering og deltaking frå alle aktørar.
Avtalane har vært til drøfting i Samarbeidsutvala den 3. mai og i Toppleiarmøte den 11. mai d.å.
Avtalane skal handsamast parallelt i alle kommunestyra for dei 22 kommunane og i styra for spesialisthelsetenesta.
Avtalane må sjåast på som ei førstegenerasjonsutgåve som etter erfaring og evaluering evt. må justerast.
Departementet har utarbeidet ein nasjonal rettleiar for utforming av avtalane og kva lovkrav som skal følgjast opp. Denne er utvikla til hjelp og kvalitetssikring av avtalearbeidet og har vært nytta i dette aktuelle arbeidet.
Nedanfor er alle avtalekrav attgjeven

Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 11/12 som var handsama i kommunestyret 31. januar 2012 er revidert og vert derfor lagt fram til ny handsaming. Tenesteavtale 3/5 er likelydande slik den er vedtatt i same møte og vert ikkje lagt fram her.
Avtalar til handsaming:
Overordna samarbeidsavtale (bygger på avtalen som er handsama i kommunestyrets møte januar 2012)

**Tenesteavtale 1**: Kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa er pålagt ansvar for, og felles oppfatning av kva tiltak partane til ei kvar tid skal utføre

**Tenesteavtale 2**: Retningsliner for samarbeid knytt til innlegging, utskriving, habilitering, rehabilitering og lærings- og meistringstilbod for å sikre heilskaplege og samanhengande helse- og omsorgstenester til pasientar som har behov for koordinerte tenester

**Tenesteavtale 4**: Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkelig hjelp etter §3-5, 3.ledd (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 6-2 nr.4

**Tenesteavtale 6**. Retningsline for gjensidig kunnskapsoverføring, informasjonsutveksling, faglege nettverk og hospitering

**Tenesteavtale 7**: Samarbeid om forsking, utdanning, praksis og læretid

**Tenesteavtale 8**: Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga

**Tenesteavtale 9**: Samarbeid om IKT- løysningar lokalt.

**Tenesteavtale 10**: Tenesteavtale for samarbeid om førebygging for Helse Bergen HF, Haraldsplass og dei 22 kommunane i sjukehusområdet

**Tenesteavtale 11 og 12**: Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda

## VURDERING

Avtalane som no føreligg er resultat av omfattande felles forhandlingar. Dei er drøfta i mange regionale arbeidsgrupper tilknytta dei einskilde avtaleområda. 11 mai var ordførarane og rådmennene samla for felles gjennomgang av alle avtalane. Det er no brei semje og få kommentarar til innhaldet.

## KONKLUSJON

Det vert tilrådd at Masfjorden tilsluttar seg avtalane som ligg vedlagt denne saka.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Formannskapet | 12.06.2012 | 068/12 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 066/12 | Anne Kristin Rafoss |

| **Arkiv:** N-504, N-INNKJØPSPERM | **Arkivsaknr.: 10/827** |
|---|---|

# SAK 066/12 - OMRÅDEPLAN FOR MATRE - ENDELEG HANDSAMING

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert områdeplan for Matre vedteken slik han ligg føre.

**Finansiering**
Innan vedteke driftsbudsjett
**Heimel**
Plan- og bygningslova

**Utskrift vert sendt:**
Høyringspartane

## FS-068/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet tar orienteringa som gjeld områdeplan for Matre til vitring og sender planen vidare til kommunestyret for endeleg handsaming.

**Det skjedde i Formannskapet den 12.06.2012:**

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø møtte til denne saka. Alle saksdokument vart delt ut og gjennomgått. Det vart og svart på spørsmål. Formannskapet tok samrøystes orienteringa til vitring og sende planen vidare til kommunestyret for endeleg handsaming.

# KS-066/12 VEDTAK:

**I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert områdeplan for Matre vedteken slik han ligg føre med desse endringane gjort i møtet:**

- **Vegen til Arnold Matre må innatt på kartet.**
- **BF 14 vert justert i høve siste rapport frå geolog.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

**Marit Steinestø, KrF**, *sette fram desse framlegga:*
Framlegg 1)
*Vegen til Arnold Matre må innatt på kartet.*
Framlegg 2)
*Møteplassen mellom Rognald Matre og Einekavane skal takast vekk.*

Midtbø orienterte no om planen og svara på spørsmål frå kommunestyret.

Mange i kommunestyret gav uttrykk for at dette var ein god plan.

Midtbø orienterte om at dei siste vurderingane frå geologen kom for seint inn til at dei kunne takast med i saksutgreiinga til kommunestyret. Ho sa byggeområde BF 14 må justerast i tråd med geologen si siste tilråding.

## Røysting:

Det vart fyrst røysta over Midtbø sitt framlegg:
BF 14 vert justert i høve siste rapport frå geolog.
**Dette vart samrøystes vedteke.**

Det vart så røysta over KrF sine to framlegg:
Framlegg 1 frå KrF: Samrøystes vedteke.
Framlegg 2 frå KrF: Vedteke med 13 røyster mot 3 røyster (KrF og ein frå Høgre)

**Heile områdeplanen for Matre vart samrøystes vedteken.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 25 | I | 05.12.2011 | Trond Rønhovde | plandokument Matre - tilbod om møte for gjennomgang-Tilbakemelding på møte |
| 27 | I | 07.12.2011 | Brun Havforskningsinstituttet v/ Øystein | Angående deponering av masse i Masfjorden for steinfylling |
| 26 | I | 09.12.2011 | Karin Smith Matre | Innsigelse til områdeplan Matresøya vegutløysing |
| 28 | U | 19.12.2011 | Hordaland fylkeskommune; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum; Arnold Matre / Kristin Midtgård; Karin Smith Matre; Håkon Matre; Ivar Helge Matre; Håvard Bjørnevoll; Torgeir Matre; Trond Rønhovde; Svein Bjørn Dyrhovden; Barnas representant v/Margunn Sleire; BKK nett As; BKK Produksjon; Fiskeridirektoratet region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Bondelag; Masfjorden sau og gjeit v/Odd Midtbø | Melding om politisk vedtak - områdeplan for Matre - offentleg høyring |
| 29 | I | 23.12.2011 | NGIR | Masfjorden kommune - melding om politisk vedtak - områdeplan for Matre - offentleg høyring |
| 30 | I | 16.01.2012 | Kystverket | Uttale - områdeplan for Matre - offentleg høyring |
| 32 | I | 19.01.2012 | Hordaland fylkeskommune | Melding om politisk vedtak - Områdeplan for Matr - offentleg høyring |
| 31 | I | 20.01.2012 | Anne Kristin Rafoss | Kulvert/tunnel gjennom Ev 39 Matre |
| 33 | I | 01.02.2012 | Ola Fiskeridirektoratet | Masfjorden kommune Hordaland - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | v/Midttun | Reguleringsplan for Matre - uttale |
| 34 | I | 01.02.2012 | NVE | Motsegn til områdereguleringsplan Matre - Masfjorden kommune |
| 43 | I | 15.02.2012 | Statens vegvesen | Områdeplan - Matre i Masfjorden kommune - Offentleg høyring |
| 36 | I | 16.02.2012 | Fylkesmannen i Hordaland | Uttale til områdeplan på Matre, Masfjorden. Offentleg ettersyn. |
| 35 | I | 16.02.2012 | Karin Smith Matre | Innsigelse til områdeplan Matresøya, vegutløysing-tilleggsbrev. |
| 37 | I | 17.02.2012 | Ivar Helge Matre | Merknader til områdeplan Matre |
| 38 | I | 17.02.2012 | Torslett Øivind | Uttale angående områdeplan for Matre |
| 39 | I | 19.02.2012 | Torslett Øivind | RE: Uttale angående områdeplan for Matre |
| 40 | I | 19.02.2012 | AsbjørnBjørneklett | Innspel til reguleringsplanen for Matre 2012 |
| 41 | I | 19.02.2012 | Lena Torslett | Innspill-Matre vei til øya. |
| 42 | I | 19.02.2012 | Svein Bjørn Dyrhovden | Områdeplan Matre |
| 47 | I | 20.02.2012 | Maja Aven Dahle | Innspel til planprogram for endring av reguleringsplan for Matre |
| 50 | I | 20.02.2012 | Frode Oppedal/Ida Lillejord | Innspel til reguleringsplan for veg til Matresøyna |
| 51 | I | 20.02.2012 | Asbjørn Bjørneklett | Innspel / merknader til reguleringsplan Matre 2012 |
| 52 | I | 20.02.2012 | Arnold Matre | Uttale områdeplan Matre |
| 45 | I | 20.02.2012 | Per Gunnar Fjelldal | Kommentarer til områdeplan Matre |
| 46 | I | 20.02.2012 | Mette Remen og Thor Erik Sæther | Kommentarer til reguleringsplanen for Matre |
| 48 | I | 20.02.2012 | Maja Aven og Kristian Dahle | Innspel til områdeplan for Matre |
| 49 | I | 20.02.2012 | Grete Urdal og Magnus Fjeldal | Innspel til reguleringsplan for veg til Matresøyna |
| 54 | I | 21.02.2012 | Lise Dyrhovden | høyring Områdeplan Matre |
| 53 | I | 21.02.2012 | Arne Berg | Høringsuttale fra Arne Berg til Områdeplan for Matre |
| 55 | I | 21.02.2012 | Matre og Haugsdal helselag v/Lise Dyrhovden | høyring, områdeplan Matre |
| 59 | I | 22.02.2012 | Statens vegvesen | E39 - søknad om kulvert - Matre Haugsdal kraftverk |
| 57 | I | 09.03.2012 | Matre skule v/ rektor Liv Øydis Trædal | Reguleringsplanen for Matre |
| 58 | I | 12.03.2012 | Russenes rådgiver geologi//RRG | Rapport Masfjorden - Vurdering av skredfare i tilknytning til utarbeiding av områdeplan for Matre |
| 60 | U | 18.04.2012 | Anne Kristin Rafoss | Reguleringsplan for Matre - alternativ trase for mole frå Storematre og i sjø |
| 61 | U | 21.05.2012 | Ordførar Karstein Totland | Notat etter møte mellom Havforskningsinstituttet - BKK og Masfjorden kommune den 11.04.2012 |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

I samband med at BKK skal rehabilitera kraftstasjonen på Matre (Matre H), har Masfjorden kommune gjort førebuande arbeid for å avklara om steinmassane frå den nye kraftstasjonen kan nyttast til fylling som kan gje veg til Matresøya. Innbyggjarar /grunneigarar på Matre gjorde framlegg om vegutløysing til Matresøya då Masfjordtunellen vart bygd, men massane frå den utbygginga vart nytta til andre føremål. Rehabiliteringa av kraftstasjonen til BKK kan no gje ein ny sjanse til å realisera vegframføring til Matresøy. Dette vil på sikt vera eit verdfullt tiltak for å etablera bustadfelt på Matresøya. Arealet på Matre er avgrensa, og det vil gje nye utviklingsperspektiv på Matre dersom øya på sikt kan nyttast til bustadføremål.

Masfjorden kommunestyre har tidlegare handsama forprosjekt og i sak 59/10 den 17.06.2010 vedtok kommunestyret igangsetting av revisjon av reguleringsplan for Matre- etablering av vegutløysing til Matresøya, mens kommunestyret i sak 016/11 den 24.03.2011 gav rådmannen fullmakt til å gjera avtale med Asplan Viak om utarbeiding av områdeplan for Matre. Avtalen vart underskriven 30.03.2011.

Mandatet til Asplan Viak vart og å inkluderte ny hovudvassforsyning i plankartet, kvalitetssikre og teikne ut busslomma ved Matre skule. Asplan fekk og i oppgåve frå Statens vegvesen og kvalitetssikre og teikne ut ny senterline for E39 gjennom Matre.

## HØYRING

Områdeplanen for Matre vart sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn etter vedtak i Masfjorden kommunestyre 08.12.2011. Frist for å kome med merknad vart sett til 20.02.2012 Det kom inn 24 merknader til høyringsframlegget. Det er fremja ei motsegn til planframlegget.

15.02.2012 vart det halde eit folkemøte på Matre om høyringsframlegget.

## UTTALE

Sjå eige merknadsvedlegg.

## FAKTA

- Planprogrammet vedtatt sendt på høyring i kommunestyret 25.02.10.
- Planprogrammet fastsett i kommunestyrevedtak 17.06.10.
- Eksisterande reguleringsplan vedtatt 16.02.09.

Ei vegutløysing til Matresøyna vil vere eit tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn og arbeidet med å endre reguleringsplan for Matre kjem difor inn under reglane om konsekvensutgreiing i kap. 14 i plan- og bygningslova. Etter forskrift om konsekvensutgreiingar fell tiltaket inn under § 2 – *Planer og tiltak som alltid skal behandlas etter forskrift om konsekvensutgreiingar.* Etter vedlegg 1 til KU-forskrifta er vegutløysinga eit tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast.

Høyringsframlegget inkluderte vedlegg frå a – w inkludert plankart og føresegner.

## VURDERING
Sjå eige merknadsvedlegg.

## KONKLUSJON
Områdeplanen for Matre har vore eit krevjande planarbeid som har involvert konsulentarbeid frå ei rekke faginstansar. BKK har vore ein viktig bidragsytar i dette arbeidet og saman med HI har dei medverka til at planarbeidet har kome i hamn.

Planarbeidet har hatt heilt klare hovudfokus sidan utgangspunktet var rimeleg nylege vedteke. Det vil seie at ikkje alle områda på Matre er vurdert på nytt.

Rådmannen meiner at motsegna frå NVE er møtte og rår til at områdeplan for Matre vert vedteken slik han ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 067/12 | Anne Kristin Rafoss |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-MØTEBØKER | **Arkivsaknr.: 12/417** |

## SAK 067/12 - SKRIV OG MELDINGAR

| Nr | Dok.ID | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 12/2445 | I | 30.05.2012 | Fylkesmannen i Hordaland | Skatt på eige og inntekt pr 30. april 2012 |
| 2 | 12/2451 | I | 06.06.2012 | Svein-Helge Hofslundsengen | Famlegg til møtekalendar hausten 2012 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

## KS-067/12 VEDTAK:

**Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Framlegg til møtekalendar for hausten vart drøfta og vart godkjent slik den ligg føre.

**Egil Kvingedal, V**, sette fram eit felles framlegg frå alle partia i høve til kommunestyret si bestilling av oppretting av eit nytt politisk utval.

**Forslag til kommunestyret 21.06.12**

**Bakgrunn:**
Det har sia dette kommunestyret blei konstituert vore på snakk om etablering av eit nytt utval som inkluderer teknisk, miljø, landbruk, vilt og fisk. I påvente av dette har behandlinga av delegeringsforskrifta latt vente på seg.

**Som eit felles forslag frå alle partia, fremmas derfor følgjande forslag:**
**Forslag:**
Det opprettast eit nytt utval som overtar oppgåvene som FUP og Vilt og Fisk innehar i dag.
Dette utvalet blir satt med 5 medlemmer valt av kommunestyret.
Forslagsstillarane ser for seg ein prosessflyt i sakshandsaming som vist i vedlegget til dette forslaget.
Utvalet si forvalting heimlast i følgjande lovverk (som angitt i dagens delegeringsforskrift):
Plan og Bygningslova av 14.juni 1985 nr 77 kapitelII- X, og vedtak utbyggingsplanar
Friluftslova av 28.juni 1957 nr16 §40 om å stanse og fjerne ulovlege byggverk, vert delegert til dette utvalet.
Vedtaksmynde i saker etter viltlova og lov om lakse- og innlandsfiske
Kommunestyret kan også delegere andre saker til dette utvalet.

**Hensikt**
Hensikta med dette utvalet er å betra den demokratiske prosessen, gjennom betre likebehandling, klårare retningslinjer, bevisstgjering, og samstundes få eit utval som har eit «mindre» og meir spissa arbeidsområde enn kva formannskapet i dag har.
Dersom dette forslaget blir vedtatt, er det ein naturlig prosess og be administrasjonen utarbeide forslag til endring av delegeringsforskrifta
**************************************************

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om epost frå LVK om at høyringa om endring i eigedomsskatten er trekt. Det blir ikkje endring i eigedomsskatten på verk og bruk.

Alf Strand orienterte om skifting av nytt tak skulemuseet der det har vore sendt ut anbodsskriv til 6 firma. Det har ikkje kome inn svar frå nokon av desse enno. Svarfristen er sett til 30. juni. Ny orientering vil bli gjort i første kommunestyre i september.

**Willy Borge, Frp**, etterlyste status på sertifikatordninga.

Rådgjevar Alf Strand opplyste om at dette var svara på sa han har snakka med Alf Landro som driv med dette. Det blir halde kurs i oktober og innbyding til dette vil gå ut til aktuell aldersgruppe og til dei som ikkje har fått sjansen tidlegare.

**Marit Steinestø, KrF**, spurde om ikkje sak om kraftlinja Mongstad - Modalen skulle vore utsett då mange av innbyggjarane våre er ikkje kjent med kva som ligg i saka etter endringa.

Ordførar Karstein Totland svara at dette er ein prosess som har gått lenge og er ikkje ukjent for innbyggjarane.

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.**

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 068/12 | Anne Kristin Rafoss |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-650 | **Arkivsaknr.: 09/213** |

# SAK 068/12 - BKK NETT AS - 300 KV KRAFTLEIDNING MONGSTAD - MODALEN

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Som følgje av framføringa av den omsøkte 300 (420) kV linja Modalen- Mongstad får Masfjorden ei ny kraftlinje med høgspentmaster gjennom kommunen. Kommunen har forståing for den regionale samfunnsnytten som ei sikker straumforsyning har. Men linja fører til store tekniske inngrep i levande bygder, natur og landskap i ein kommune som alt er tungt belasta etter vasskraftutbygging. Linjer og uteanlegg legg band på store areal og kjem i konflikt både med eksisterande busetnad, behovet for ny bustadbygging og næringsareal. Det er derfor særs viktig at denne nye utbygginga gjennom vår kommune og behovet for avbøtande tiltak, vert vurdert i eit heilskapsperspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.

- Masfjorden kommunestyre har vurdert den konsesjonssøkte nye traseen Modalen-Steinsland- Haugsværdalen, alternativ 2.0. På Masfjordsida har denne traseen etter vår meining stor negativ konsekvens for landskap, kulturminne og reiseliv og vi vil sterkt rå frå at denne traseen blir vald.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart næringsareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggjeklart bustadareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompenserande tiltak. Denne linja er i dag i konflikt med tenleg uteareal i byggefeltet. Ei kabling her vil og frigjera byggeklare bustadtomtar.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å framleis jobbe vidare med designmastekonseptet, og å vurdere konkret plassering, høgde og utforming av alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med design og landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen.

- BKK har konsesjonssøkt om ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Dette er i strid med lokale interesser. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området som nytt industriareal som kompenserande tiltak. Slik kan også anna næringsverksemd verta etablert her.
- Masfjorden kommune støttar det nye alternativet, 2.2, som er konsesjonssøkt for fjordspenn Haugsvær, då dette er mindre belastande for Haugsværbygda.
- Når koplingsstasjonen på Frøyset skal oppgraderast, føreset Masfjorden kommune at opprusting av vegen som trengs i anleggsperioden skjer i dialog med kommunen som ei varig vøle.
- Masfjorden kommune støttar at 300 (420) kV linja vert lagt i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette gjev gjenbruk av trase og tar visuelle omsyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.
- Masfjorden kommune støttar BKK si prioritering av 2.4A alternativet for Eikemodalen. Dersom alternativ 1 i Eikemodalen vert valt, føreset kommunen bruk av designmaster.
- Ny trase ved Solhaug og vidare sør for Vardefjellet ved Kvamsdalen (2.4b) Den nye traseen, 2.4b, som BKK no søkjer om og prioriterer framfor begge dei tidlegare omsøkte alternativa inneber nye tekniske inngrep i ei li der det alt går ein veg og ei 22 kV linje. Denne nye traseen inneber ei stor endring frå dei to tidlegare traseane, og kommunen har ikkje uttalt seg om dette området tidlegare. Verdivurderingane i KU sett opp mot landskap, kulturminne og friluftsliv i området slik vi lokalt kjenner det, gjer at kommunestyret er usikker på om det nye alternativet er det beste. Det nye alternativet vil vera godt synleg frå all båtferdsle på fjorden og frå heile landsida på austsida av fjorden. Den fører heller ikkje til gjenbruk av eksisterande trase.
  Dersom den nye traseen vert vald av NVE, krev kommunen at NVE fastset tidsfrist for sanering og fjerning av stolpar og installasjonar som høyrer til den eksisterande 132 kV linja som alt går over Eikemo-Kvamsdalen-Kvamshaugane.
- Masfjorden kommune ser det som positivt at masta no er flytta vekk frå holmen i Sleirsvatnet gjennom ny trase, alt 2.5
- Masfjorden kommune støttar ny trase Frøyset- Iledalsvågen og justering av tidlegare omsøkt trase gjennom Iledalen, Masfjorden (alt 2.6) Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.
- Masfjorden kommune har merka seg aktuelle trommel-og riggplassar. BKK skriv at dei vil gå i dialog med berørte grunneigarar og gjera konkrete avtalar. Ein av desse ser ut til å liggja på kommunal grunn på industriområdet på Krossleite. Kommunen ynskjer at planeringa som må gjerast for anleggsperioden (3 år) blir utført slik at området etter dette er varig planert og tilrettelagt for ny aktivitet .

300 (420) kV linja Modalen-Mongstad er av stor samfunnsmessig interesse og vil koma. Det er viktig at Masfjorden kommune får avbøtande tiltak i forhold til at Masfjorden er ein av dei kommunane i fylket som er hardast belasta av utbygginga av linjenettet.

**Finansiering**
Ingen kostnad
**Heimel**
Kommunelova § 1

## KS-068/12 VEDTAK:

**Som følgje av framføringa av den omsøkte 300 (420) kV linja Modalen- Mongstad får Masfjorden ei ny kraftlinje med høgspentmaster gjennom kommunen. Kommunen har forståing for den regionale samfunnsnytten som ei sikker straumforsyning har. Men linja fører til store tekniske inngrep i levande bygder, natur og landskap i ein kommune som alt er tungt belasta etter vasskraftutbygging. Linjer og uteanlegg legg band på store areal og kjem i konflikt både med eksisterande busetnad, behovet for ny bustadbygging og næringsareal. Det er derfor særs viktig at denne nye utbygginga gjennom vår kommune og behovet for avbøtande tiltak, vert vurdert i eit heilskapsperspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.**

- **Masfjorden kommunestyre har vurdert den konsesjonssøkte nye traseen Modalen- Steinsland- Haugsværdalen, alternativ 2.0. På Masfjordsida har denne traseen etter vår meining stor negativ konsekvens for landskap, kulturminne og reiseliv og vi vil sterkt rå frå at denne traseen blir vald. Masfjorden kommunestyre tilrår alt. 1.1a på Masfjordsida.**
- **Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart næringsareal.**
- **Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggjeklart bustadareal.**
- **Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompenserande tiltak. Denne linja er i dag i konflikt med tenleg uteareal i byggefeltet. Ei kabling her vil og frigjera byggeklare bustadtomtar.**
- **Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å framleis jobbe vidare med designmastekonseptet, og å vurdere konkret plassering, høgde og utforming av alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.**
- **Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med design og landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen.**
- **BKK har konsesjonssøkt om ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Dette er i strid med lokale interesser. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området som nytt industriareal som kompenserande tiltak. Slik kan også anna næringsverksemd verta etablert her.**
- **Masfjorden kommune støttar det nye alternativet, 2.2, som er konsesjonssøkt for fjordspenn Haugsvær, då dette er mindre belastande for Haugsværbygda.**
- **Når koplingsstasjonen på Frøyset skal oppgraderast, føreset Masfjorden kommune at opprusting av vegen som trengs i anleggsperioden skjer i dialog med kommunen som ei varig vøle.**

- **Masfjorden kommune støttar at 300 (420) kV linja vert lagt i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette gjev gjenbruk av trase og tar visuelle omsyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.**
- **Masfjorden kommune støttar BKK si prioritering av 2.4A alternativet for Eikemodalen. Dersom alternativ 1 i Eikemodalen vert valt, føreset kommunen bruk av designmaster.**
- **Ny trase ved Solhaug og vidare sør for Vardefjellet ved Kvamsdalen (2.4b) Den nye traseen, 2.4b, som BKK no søkjer om og prioriterer framfor begge dei tidlegare omsøkte alternativa inneber nye tekniske inngrep i ei li der det alt går ein veg og ei 22 kV linje. Denne nye traseen inneber ei stor endring frå dei to tidlegare traseane, og kommunen har ikkje uttalt seg om dette området tidlegare. Verdivurderingane i KU sett opp mot landskap, kulturminne og friluftsliv i området slik vi lokalt kjenner det, gjer at kommunestyret vil sterkt tilrå at alt. 1.4.a vert vald med god terrengtilpasning. Det nye alternativet 2.4 b vil vera godt synleg frå all båtferdsle på fjorden og frå heile landsida på austsida av fjorden. Den fører heller ikkje til gjenbruk av eksisterande trase. Dersom den nye traseen vert vald av NVE, krev kommunen at NVE fastset tidsfrist for sanering og fjerning av stolpar og installasjonar som høyrer til den eksisterande 132 kV linja som alt går over Eikemo-Kvamsdalen-Kvamshaugane.**
- **Masfjorden kommune ser det som positivt at masta no er flytta vekk frå holmen i Sleirsvatnet gjennom ny trase, alt 2.5**
- **Masfjorden kommune støttar ny trase Frøyset- Iledalsvågen og justering av tidlegare omsøkt trase gjennom Iledalen, Masfjorden (alt 2.6) Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.**
- **Masfjorden kommune har merka seg aktuelle trommel-og riggplassar. BKK skriv at dei vil gå i dialog med berørte grunneigarar og gjera konkrete avtalar. Ein av desse ser ut til å liggja på kommunal grunn på industriområdet på Krossleite. Kommunen ynskjer at planeringa som må gjerast for anleggsperioden (3 år) blir utført slik at området etter dette er varig planert og tilrettelagt for ny aktivitet . Riggplassen i Matresdalen, slik han er er innteikna er i konflikt med kulturminne og kan ikkje aksepterast. Det er dokumentert store kulturminneverdiar på Treet i <u>Matresdalen</u>. Ein planert riggplass på 3-5 mål vil rasera fleire av dei registrerte kulturminna samt kraftig redusera verdien av det attverande kulturmiljøet på Treet og området kring..**
- **Masfjorden kommunestyre er uroa over at tilleggssøknaden er lite kunngjort. Dette gjeld særleg dei to heilt nye tracealternativa 2.0 Modalen – Matre og 2.4 A Bergsvik. Desse to alternativa berører nye grunneigarar som ikkje vart berørt i første fase.**

**320 (420) kV linja Modalen-Mongstad er av stor samfunnsmessig interesse og vil koma. Det er viktig at Masfjorden kommune får avbøtande tiltak i forhold til at Masfjorden er ein av dei kommunane i fylket som er hardast belasta av utbygginga av linjenettet.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Sakspapira til denne saka var utsendt på epost den 19.06.12 og utdelt i møtet.
Uttale dagsett 19.06.2012 frå Håkon Matre på vegne av grunneigarane vart delt ut i møtet.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om saka og synte traseen for kraftlinja med dei nye alternativa på kart. Ho gjekk gjennom avsnitta i rådmannen sitt framlegg til vedtak og orienterte nærare om desse.

**Kjell Løvik, H,** sa at ny trace sør for Vardefjellet ved Kvamsdalen (2.4b) er dårleg.
*Alternativet 1.4 a i midten er det beste.*

Marit Steinestø sa at ein burde gått hardt ut mot NVE og bede om utsett frist slik at me kunne fått med alle uttalar frå grunneigarar og andre og tid til å handsama saka skikkeleg.

**Saka vart drøfta og kommunestyret samla seg om tre endringsframlegg:**

- Kulepunkt 1 siste setning: Masfjorden kommunestyre tilrår alt. 1.1a på Masfjordsida.
- Kulepunkt 12 midt i avsnittet: …vil sterkt tilrå at alt. 1.4.a vert vald med god terrengtilpassing.
- Kulepunkt 15, midt i avsnittet: Riggplassen i Matresdalen, slik han er er innteikna er i konflikt med kulturminne og kan ikkje aksepterast.

John Torsvik ba om gruppeleiarmøte.

Møtet vart heva og det vart gruppeleiarmøte.

**Fellesframlegg frå partia etter gruppeleiarmøtet:**

- Gruppeleiarane held fast ved dei tre endringsframlegga.
- Kulepunkt 1 siste setning: Masfjorden kommunestyre tilrår alt. 1.1a på Masfjordsida.
- Kulepunkt 12 midt i avsnittet: …vil sterkt tilrå at alt. 1.4.a vert vald med god terrengtilpasning.
- Kulepunkt 14:

  Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak.
- Kulepunkt 15, midt i avsnittet:
  Riggplassen i Matresdalen, slik han er er innteikna er i konflikt med kulturminne og kan ikkje aksepterast.
  Det er dokumentert store kulturminneverdiar på Treet i Masfjorden. Ein planert riggplass på 3–5 mål vil rasera fleire av dei registrerte kulturminna samt kraftig redusera verdien av det attverande kulturmiljøet på Treet og området omkring.

- Nytt kulepunkt 16:
  Masfjorden kommunestyre er uroa over at tilleggssøknaden er lite kunngjort. Dette gjeld særleg dei to heilt nye tracealternativa 2.0 Modalen – Matre og 2.4 A Bergsvik. Desse to alternativa berører nye grunneigarar som ikkje vart berørt i første fase.

- Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak.

## Røysting:

**Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegga vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 23.03.2009 | NVE | Høyring - BKK Nett AS - 300 kV kraftleidning Mongstad - Modalen |
| 6 | U | 10.06.2009 | NVE | Uttale frå Masfjorden kommune som gjeld 300 kV kraftleidning Mongstad - Modalen |
| 11 | I | 28.10.2010 | NVE | BKK Nett AS- 300(420)kv kraftledning Modalen- Mongstad. Høyring av søknad og |
| 27 | U | 26.01.2011 | NVE | Melding om politisk vedtak - førebels uttale som gjeld BKK Nett AS- 300(420)kv kraftledning Modalen- Mongstad. Høyring av søknad og |
| 35 | I | 14.05.2012 | BKK NETT AS | Varsel om søknad om oreigning og førehandstiltreding - informaasjon om bygging av 300(420) kv kraftleidning Modalen - Mongstad og dine rettar som grunneigar |
| 36 | I | 14.05.2012 | BKK NETT AS | Vedr svar på tilleggsutredninger og fremming av tilleggssøknad |
| 37 | I | 21.05.2012 | BKK Nett AS | 300 (420) kV Modalen-Mongstad - informasjon om offentleg høyring |
| 39 | I | 19.06.2012 | Håkon Matre | Uttale til tilleggssøknad frå BKK - 300(429 kV kraftleidning Modalen- Mongstad |

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

BKK har lagt fram svar på tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i samband med bygging av 300(420) kV kraftleidning frå Modalen til Mongstad. BKK har tidlegare konsesjonssøkt denne linja i 2010, ***Søknad om konsesjon, ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse i samband med ny 300 (420) kV kraftleidning mellom Modalen og Mongstad***.

Konsesjonssøknaden vart sendt på høyring i 2010, og det kom inn mange merknader. På bakgrunn av desse, fekk BKK krav om tilleggsutgreiingar. Det er resultatet av desse som ligg føre, med høyringsfrist til NVE 29.juni. NVE gjennomfører sluttsynfaring på dei omsøkte linjetraseane 23. og 24. august.

Masfjorden kommunestyre har i 2011 gitt høyringsuttale i saka.

Tilleggsutgreiinga frå BKK konkluderer med at BKK søkjer om følgjande nye alternativ:

- Ny trase Modalen- Steinsland-Haugsværdalen (alt. 2.0)
- Ny trase med flytting av fjordspenn Haugsvær ( alt. 2.2)
- Ny trase ved Solheim i Masfjorden ( alt. 2.3)
- Ny trase på Eikemo i Masfjorden (alt 2.4a)
- Ny trase ved Solhaug og vidare sør for Vardefjellet ved Kvamsdalen (2.4b)
- Ny trase ved Sleirsvatnet 8alt 2.5)
- Ny trase Frøyset- Iledalsvågen (alt 2.6)
- Justering av tidlegare omsøkt trase gjennom Iledalen, Masfjorden
- Justering av tidlegare omsøkt trase frå landtak Mongstad og fram til transformatorstasjon.
- 132 kV kraftleidning Matre –Haugsværdalen

## FAKTA

Masfjorden kommunestyre handsama høyringsuttalen til dei alternativa som vart omsøkt i konsesjonssøknaden 24.02.2011, og gav følgjande uttale:

- ***Masfjorden kommune er nøgd med at BKK har gått bort frå etablering av koplingsanlegg i Matresdalen.***
- ***Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompenserande tiltak.***
- ***Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom Trodalen subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompenserande tiltak.***
- ***Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompenserande tiltak.***

- ***Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstil-passing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen. Masfjorden kommune vil verna om dyrkingsjorda i Haugsværdalen og krev at Kvitskaret må utgreiast med med tanke på plassering av nytt koplingsanlegg.***
- ***Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med designmaste-konseptet, og å vurdere alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.***
- ***Masfjorden kommune støttar uttalen frå fylkesmannen og krev tilleggsutgreiing for den mest konfliktfylte strekninga Eikemo – Kvamsdalen – Sleire ut frå landskapsomsyn for om mogeleg å finne fleire mellomløysing og redusere negative konsekvensar.***
- ***NVE pålegg BKK å leggja Masfjorden kommune Kv 300 (420) kv linja i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette av visuelle hensyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.***
- ***Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK velje trace 1.6, over fylkesgrensa Hordaland/Sogn og Fjordane , samt å nytte jordkabel mellom FV 570 og sjøknutepunktet i Ildalen.***

  ***Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden vert plassert slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.***

Masfjorden kommune hadde også alt før høyringa på konsesjonssøknaden i brev dagsett 08.06.2009 gitt følgjande uttale til melding frå BKK om etablering av ny 300 kV kraftleidning Mongstad – Modalen:

- *Masfjorden kommune ønskjer at 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre og til Stordalen vert lagt i kabel. Særleg viktig er det at kabelen vert lagt i god nok avstand frå to eksisterande bustadhus på Litle Matre og planlagt næringsbygg i sandtaket.*
- *Masfjorden kommune ønskjer at det nye koplingsanlegget som er planlagt vert lagt på ein slik måte at det vert minst mogleg synleg for ålmenta.*
- *Masfjorden kommune ønskjer at alle master i ytre del av kommunen vert vurdert individult ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Fensfjorden.*
- *Masfjorden kommune ønskjer at alle master over bert fjellområde vert vurdert kamuflert på beste mogelege måte.*
- *Masfjorden kommune ønskjer at 20 kV lina som går gjennom Trodalen vert vurdert kabla som eit kompenserande tiltak. Lina bandlegg i dag ei flott område for nybygging av bustadhus. Jfr uttale frå Asbjørn Bjørneklett.*
- *Masfjorden kommune ønskjer at 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær vert kabla som eit kompenserande tiltak. Lina bandlegg i dag fleire regulerte bustadtomter.*
- *Masfjorden kommune er klar over at det er fleire 20 kV liner i kommunen som bandlegg gode byggeområde for bustad. Skulle NVE finne at det er aktuelt å krevje kabling av eksisterande 20 kV liner som eit kompenserande tiltak, ber kommunen om høve til å kome med fleire konkrete forslag når ein har kome lenger med den påbyrja kommuneplan-prosessen.*

# VURDERING

I høve til ny høyringsuttale frå Masfjorden kommunestyre er det viktig å ha for auga kvar vi er i prosessen som fører fram til endeleg konsesjonsvedtak i NVE. Det at BKK har blitt pålagt å gjennomført tilleggsutgreiingar for å imøtekoma innspel som kom inn i høyringsrunden, har ikkje i seg sjølv ført til mange endringar i BKK sine omsøkte og prioriterte traseval.

Uttalen som Masfjorden kommune no skal gje til NVE, blir det siste høvet kommunen har til å uttala seg om denne utbygginga før NVE gjer vedtak. Det er derfor viktig at uttalen tar med og understrekar kommunen sitt syn knytt til den totale utbygginga, både på dei nye alternativa som er omsøkt og der alternativa er dei same som ved 1. høyringsrunde. Det kan også vera grunn til å forsterka kommunen sin uttale på nokre punkt.

Masfjorden kommune har forståing for den regionale samfunnsnytten av 300 (420) kV lina frå Modalen til Mongstad. Men linja fører til store tekniske inngrep i natur og landskap i ein kommune som alt er tungt belasta etter vasskraftutbygging. I tillegg er BKK sine anlegg og eksisterande linjer fleire stader lokalisert midt i gjennom bygder. Vi opplever at linjer og uteanlegg alt legg band på så store areal at dette er i konflikt både med behovet for bustad-bygging og næringsareal mm. Dette gjeld særleg på Matre, men også Haugsvær og Trodalen. Masfjorden kommune er kjend med at det no ligg fleire nye konsesjonssøknader frå BKK om utbyggingar i vår kommune til handsaming i NVE. Desse er alle lokalisert innafor dei same vassdraga i indre Masfjorden.

Det er derfor særs viktig at denne nye utbygginga gjennom vår kommune og behovet for av-bøtande tiltak kan vurderast i eit heilskapsperspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Både kabling av korte strekkjer, gjen-bruk av eksisterande trasear og sanering av 132 kV linjer kan vera viktige tiltak. Masfjorden kommune vil ha ei samla vurdering av avbøtande tiltak – og slik sjå utover denne søknaden isolert. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastningen påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.

Uttalen frå kommunen må ta med kravet om tidsfrist for sanering av eksisterande 132 kV liner der traseen ikkje skal brukast vidare. BKK seier tydeleg i si utgreiing at trasear som vert gjen-brukt vert sanert. Området vert perforert av kraftliner og både fjell og fjord vert øydelagt.

Tilleggskonsesjonssøknaden peikar også ut aktuelle trommel- og riggplassar. Desse må planerast, men der er berre behov for dei i anleggsperioden (3 år). Ein av desse ser ut til å liggja på kommunal grunn på Krossleite. BKK skriv at dei vil gå i dialog med berørte grunneigarar og gjera konkrete avtalar.

## NYE ALTERNATIV SOM ER OMSØKT:

### Ny trase Modalen- Steinsland-Haugsværdalen (alt. 2.0)

På bakgrunn av høyringsuttalane frå høyringa i 2011 har BKK utgreidd og omsøkt alternativ 2.0. Dette linjealternativet ligg meir mot nord enn dei to tidlegare alternativa. Ved 2.0 unngår ein kryssinga med fjordspenn over Steinslandsvatnet i Modalen kommune. Men på Masfjord-sida vil dette alternativet gå gjennom eit område som i dag blir opplevd som urørt, og der det er ein positiv utvikling og auka bruk av området til reiseliv, jakt og friluftsliv.

Konsekvensutgreiinga for alternativ 2.0, peikar på at traseen gjennom Kringlebotn bryt gjennom eit landskap med sterkt markerte landskapsrom og relativt urørte område.

Rådmannen er samd i dette. Å velja denne traseen bryt med intensjonen om å leggja nye tekniske inngrep i område som alt har inngrep. Kringlebotsvassdraget frå Hommelvatnet og opp på høgfjellet har ein svært flott natur.

Sjølv om det alt er tekniske inngrep i dette området, er det slik at sjølve Matresdalen og området inn mot Stølsheimen mellom vegen i Stordalen og vegen langs Haugsdalsvassdraget blir opplevd som eit relativt urørt område, og gjerne omtala som indrefileten eller "Villmarka" i desse fjellområda.

Basert på aksen Matresdalen-Stordalen, er ein no i gang med å etablera reiselivsprodukt basert på klatring/buldring, sykkelturar, skitrekk, jakt og fiske og tradisjonell fjellvandring. Kulturminna i dette området er vesentlege for reiselivsutviklinga. Kringlebotn er kjend både for trappevegen Stegane, Sterke Lars og historia knytt til fjellgarden heilt frå 1700- talet. Etter 2. verdskrigen har historia om motstandsrørsla Bjørn West kome i tillegg. Her er Bjørn West-marsjen ei viktig markering. Slik det er i dag, går denne marsjen bort frå veg og tekniske inngrep ved Litlematrestølen, og strekninga derfrå og til Stordalen er utan store naturinngrep. Veksten i reiselivet dei seinare åra, har ført til konkrete planar om utviding av Stordalen fjellstove til eit fullverdig hotell.

Rådmannen meiner alternativ 2.0 på Masfjordsida har stor negativ konsekvens for landskap, kulturminne og reiseliv og vil sterkt rå frå at denne traseen blir vald.

**Ny trase med flytting av fjordspenn Haugsvær ( alt. 2.2)**

Masfjorden kommune støttar det nye alternativet, 2.2, som er omsøkt for fjordspenn Haugsvær, då dette er mindre belastande for Haugsværbygda.

**Ny trase ved Solheim i Masfjorden ( alt. 2.3)**

Masfjorden kommune støttar dette alternativet som og fører til gjenbruk av eksisterande trase.

**Ny trase på Eikemo i Masfjorden (alt 2.4a)**

Rådmannen har ingen merknader til at alt 2.4a no er prioritert, men føreset bruk av design-master dersom alternativ 1 likevel blir valt.

**Ny trase ved Solhaug og vidare sør for Vardefjellet ved Kvamsdalen (2.4b)**

Den nye traseen, 2.4b, som BKK no søkjer om og prioriterer framfor begge dei tidlegare omsøkte alternativa inneber tekniske inngrep gjennom ei li med ein veg og ei 20V linje. Denne nye traseen inneber ei stor endring frå dei to tidlegare traseane, og kommunen har ikkje uttalt seg om dette området tidlegare. Verdivurderingane i KU sett opp mot landskap, kulturminne og friluftsliv i området slik vi lokalt kjenner det, gjer at rådmannen er usikker på om det nye alternativet er det beste. Det nye alternativet vil vera godt synleg frå all båtferdsle på fjorden og frå heile landsida på austsida av fjorden. Den fører heller ikkje til gjenbruk av eksisterande trase.

Dersom den nye traseen vert vald av NVE, må kommunen stilla krav om tidsfrist for sanering og fjerning av stolpar og installasjonar som høyrer til den eksisterande 132 kV linja som alt går over Eikemo-Kvamsdalen-Kvamshaugane.

**Ny trase ved Sleirsvatnet (alt 2.5)**

Rådmannen har ingen merknader til det nye alternativet og ser det som positivt at masta no er flytta vekk frå holmen i Sleirsvatnet.

**Ny trase Frøyset- Iledalsvågen og justering av tidlegare omsøkt trase gjennom Iledalen, Masfjorden (alt 2.6)**

Rådmannen har ingen merknader til justeringa av traseen på alt 2.6

## UTGREIDD MEN IKKJE OMSØKT:

### Kvitskaret som alternativ plassering av transformatorstasjon

BKK har utgreidd veg til Kvitskaret etter alternativ med kort og lang tunell, og med plassering av trafostasjonen oppe i Kvitskaret. BKK søkjer ikkje om konsesjon for denne løysinga fordi tilkomsten vert for usikker samstundes som konsekvensutgreiinga viser at konsekvensane for omgivnadene er svært store.

Haugsværdalen står dermed att som den einaste omsøkte plasseringa for transformatorstasjonen.

### Kabling gjennom Grøn næringspark

BKK har utgreidd og kostnadsrekna kabling her, og samanlikna kostnaden for kabling med luftspenn. Meirkostnaden med kabling er 2,5 mill. kr. Tiltaket er ikkje omsøkt fordi BKK meiner det fell utafor unntaksbestemmelsane i Stortinget sin kablingsstrategi..

### Kabling frå fv 570 og gjennom Iledalen.

BKK har utgreidd og kostnadsrekna kabling her, og samanlikna kostnaden for kabling med luftspenn. Meirkostnaden med kabling er 7,5 mill. kr. for eit kabelsett og 15 mill.kr. for to kabelsett. Tiltaket er ikkje omsøkt fordi BKK meiner det fell utafor unntaksbestemmelsane i Stortinget sin kablingsstrategi..

### Designmaster og kamuflerande tiltak

I søknadsprosessen er det gjort eit omfattande arbeid med utvikling av designmaster som kompenserande/kamuflerande tiltak. Konseptet er ikkje omsøkt på nokon av BKK sine prioriterte alternativ. Rådmannen meiner at bruk av designmaster der materialvalg og fargesetting er tilpassa naturområdet linja går gjennom kan redusera den visuelle opplevinga av forureining.

### Kompenserande tiltak som kommunen tidlegare har bede om:

Frå førre saksutgreiing til kommunestyret:

***"Kabling av 22 kV gjennom Trodalen***

*BKK skriv (side 35):*

> *BKK Nett AS har befart det aktuelle området sammen med kommune og grunneier. Ledningsanlegget er frå 90 tallet og forholdsvis nytt. Det er eneste forsyningsveg til og fra Matre, og anlegget vil ikke ha tilstrekkelig kapasitet dersom alle småkraftverk-planene iverksettes i område. BKK Nett AS vurderer ulike løsninger for denne for-bindelsen, og er ikke klar for å foreslå tiltak nå. Vi er positive til å finne en løsning som innebærer kabel, men vi ønsker å avvent dette til den øvrige situasjonen blir mer avklart. Vi ønsker ikke å etablere en midlertidig løsning som på et senere tidspunkt kan bli en flaskehals.*

*Rådmannen sin kommentar:*

*Rådmannen ønskjer å peike på at ein i førre uttale ønskja kabling av denne lina, men at ein på synfaring spelte inn at ein og kunne flytte lina bort frå byggeområde og høgre opp mot E39 (ny trase for luftlina). Dette siste er ikkje vurdert av BKK. Det viktigaste for kommunen er å frigjere byggeareal og dette bør vektleggast i denne uttalen frå kommunen.*

***Kabling av 22 kV Haugsværlia***

*BKK skriv (side 36):*

> *BKK Nett Ass har befart det aktuelle område sammen med kommunen. Eksisterende 22 kV krysser et boligområde, og legger beslag på to byggeklare tomter. Anlegget blir en radiell og BKK Nett AS ser ikke noe teknisk eller driftsmessige problemer med å kable dette anlegget. Kostnaden anslås til ca 1,5 millioner kroner, og inkluderer tiltak i to kiosker og ca. 1 km kabel.*

*Rådmannen sin kommentar:*

*BKK informerte om at sjølv om dei hadde skrive dette inn i søknaden, var det ikkje søkt konsesjon for tiltaket. Kommunen må difor be NVE om å pålegge BKK å gjennomføre dette tiltaket som eit av vilkåra til løyvet.*

*Rådmannen er glad for at BKK Nett AS vurderer å kable 22 kV gjennom bustadområde på Haugsvær som eit godt avbøtande tiltak og rår til at dette vert vektlagt i uttalen til NVE."*

Masfjorden kommune har ikkje fått gjennomslag for kabling som kompenserande tiltak Rådmannen rår til at kravet om kabling vert oppretthalde og forsterka for dei områda der kablinga medfører frigjering av nærings- og bustadtomter.

# KONKLUSJON

Som framlegg til vedtak.

**300 (420) kV linja Modalen-Mongstad er av stor samfunnsmessig interesse og vil koma. Det er viktig at Masfjorden kommune får avbøtande tiltak i forhold til at Masfjorden er ein av dei kommunane i fylket som er hardast belasta av utbygginga av linjenettet.**

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 069/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** N-022.3 | **Arkivsaknr.: 12/434** |

## SAK 069/12 - STORDALEN SKISENTER - VAL AV KOMMUNALE REPRESENTANTAR TIL STYRET

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nye kommunale representantar til styret for Stordalen skitrekk blir:

………………………………………..

………………………………………..

……………………………………….. vara

## KS-069/12 VEDTAK :

**Nye kommunale representantar til styret for Stordalen skitrekk blir:**

**Svein Helge Hofslundsengen**

**Bjørn Egil Nordland**

**Tove Kristin Sleire Tistel**

**(jfr. sak 71/12 i K-møte den 13.09.12)**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Leiar i valnemnda Tove Kristin S. Tistel gjorde framlegg om Svein Helge Hofslundsengen, Bjørn Egil Nordland som medlem og Frode Langhelle som vara.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

# SAKSUTGREIING:

## BAKGRUNN

Stordalen skitrekk er eigd av Idrettslaget Bjørn West og Masfjorden kommune med 50 % kvar.
Styret har fem medlemmer, av dei to kommunale + vara.

Dei to kommunale representantane og kommunal varamedlem står no på val.

Kommunestyret skal i dag velja nye representantar til styret.

**Styret i Stordalen skitrekk pr i dag:**

- Arne Berg, leiar (BW)
- Ståle Daae, (BW)
- Gunn Haugsdal Asheim, (BW)
- **Svein Helge Hofslundsengen (MK) på val**
- **Lars Solheim (MK) på val**

- Anita Solheim, vara
- **Wenke Ekren, vara (MK) på val**

# MASFJORDEN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Politisk organ** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 21.06.2012 | 070/12 | Anne Kristin Rafoss |

| **Arkiv:** N-202, N-504 | **Arkivsaknr.: 10/211** |
|---|---|

# SAK 070/12 REGULERINGSPLAN - UTVIDING AV SKJERJEBAKKEN GRAVPLASS - ENDELEG HANDSAMING

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljplan for Skjerjebakken gravplass godkjent slik han ligg føre.

**Finansiering**
Ingen kostnader utover driftsbudsjettet for planarbeidet. Kostnader for grunnerverv er innarbeidd i investeringsbudsjettet.

**Heimel**
Plan- og bygningslova

## KS-070/12 VEDTAK:

**I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljplan for Skjerjebakken gravplass godkjent slik han ligg føre.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 21.06.2012:**

Marit Steinestø fekk permisjon frå møte før handsaming av denne saka.

Sakspapira var sendt på epost den 20.06.2012.
Sakspapira med vedlegg, reguleringsføresegner, kart og Rapport frå Russenes rådgiver geologi vart delt ut i møtet.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om saka.

## Røysting:
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 11 | U | 23.02.2011 | BKK nett As; Den Norske Kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd; Fiskeridirektoratet region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Masfjorden kyrkjelege fellesråd; Anne Kari Mjanger og Erling Mjanger; Kjell Hope; Reidun Karin Hope; Otto Kvingedal; Solveig Hjørdis Ynnesdal Kvingedal | Melding om politisk vedtak - reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass - offentleg høyring |
| 12 | I | 14.03.2011 | Statens vegvesen | Uttale - offentleg høyring av reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass |
| 13 | I | 15.03.2011 | Mattilsynet | Skjerjebakken gravplass-reguleringsplan-Utale frå mattilsynet |
| 16 | I | 15.03.2011 | Fylkesmannen i Hordaland | Uttale til reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass gnr/bnr 35/1 og 5 |
| 14 | I | 16.03.2011 | Kystverket Vest | Uttale til reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass |
| 15 | I | 16.03.2011 | Fiskeridirektoratet Region Vest | Uttale til reguleringsplan Skjerjebakken gravplass |
| 17 | I | 28.03.2011 | NVE | Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan GBnr 35/1og 5 m.fl. Skjerjebakken gravplass |
| 18 | I | 09.04.2011 | Grunneigarane av gr.nr. 34/13 og gr.nr. 34/3 | Reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass |
| 20 | I | 11.04.2011 | Hordaland fylkeskommune | Melding om politisk vedtak - Reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass - offentleg høyring |
| 19 | I | 11.04.2011 | Harry Hindenes | Utviding av gravplassen, Skjerjebakken |
| 21 | I | 08.06.2012 | Russenes Rådgiver | Rapport:Masfjorden-Vurdering av |

geologi//RRG skredfare for Skjerjebakken gravplass og vurdering av stabilitet av tilkomstveg til gravplassen

:

## BAKGRUNN

Masfjorden kyrkjelege fellesråd har meldt om trong for utviding av Skjerjebakken hjelpe-kyrkjegard. Riss Landskap AS vart engasjert for å utarbeide illustrasjonsplan for heile gravplassen inkludert opprusting av den gamle steinbrygga ved fjorden og ein overbygd sitteplass.

Masfjorden kommune har – av kapasitetsomsyn – engasjert Riss Landskap AS til å utarbeide reguleringsplan for gravplassen. Reguleringsplanarbeidet inkludert kryss ved f v 570 og ny parkeringsplass for 30 bilar.

## FAKTA

Det er ikkje gjeldande reguleringsplan for gravplassen i dag, men område for etablert grav-plass var i førre kommuneplanen sett av til grav- og urnelund. Areal til utviding av gravplass er i gjeldande kommuneplan og sett av til grav- og urnelund.

# HØYRING

Detaljplan for Skjerjebakken gravplass, inkludert utbetring av nytt kryss til fv 570 og parkeringsplass på oppsida av fv, vart vedteken sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i FUP 15.02.2011 som sak 007/11. Uttalefrist vart sett til 11.04.2011.

Det kom inn 9 merknader til høyringsframlegget.



# UTTALE

**Statens vegvesen**

Statens vegevesen fremjar motsegn til reguleringsplanen pga av planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til trafikktryggleiken på staden all den tid at dei krava dei har sett til frisiktsone ved kryss og avkøyrsle ikkje er innfridd.

**Rådmannen sin kommentar**

Det er under etablering / etablert nytt kryss i samband med byggesøknad for nytt bustadhus nordaust for eksisterande avkjøring til gravplassen. Dette krysset kan og nyttast som tilkomst til gravplassen. Noverande kryss og planane for å etablere parkeringsplass på oppsida av fv er difor tatt ut av plankartet. Det er difor ikkje motsegn til reguleringsplanen lenger slik avgrensinga for plankartet no er.

**Mattilsynet**

Mattilsynet har ikkje merknader til reguleringsplanen.

**Kystverket**

Kystverket har ingen merknader til reguleringsplanen.

**Fiskeridirektoratet region Vest**

Fiskeridirektoratet har ingen merknader til reguleringsplanen.

**Fylkesmannen i Hordaland**

Fylkesmannen har ingen merknader til planarbeidet.

**NVE**

NVE skriv at eit mindre areal rett nedafor avkøyrsla til gravplassen ligg i aktsemdkartet for snøskred. På grunn av tett skog i utløysingsområdet bør skredfaren, slik situasjonen er, no vere minimal men rår likevel til at det vert lagt restriksjonar på hogsten i utløysingsområdet. Dette bør skje gjennom at det aktuelle arealet vert teke inn i planområdet og føresegnene.

**Rådmannen sin kommentar**

Det er utarbeidd geolograpport for gravplassen og vegen ned. I rapporten vert faren for snøskred mot gravplassen vurdert til å vere avgrens, Losneområde for snøskred ligg tilbaketrekt og mogelege snøskredløp ned mot gravplassen vil bli stogga av fylkesvegen. Rådmannen har difor ikkje følgt rådet frå NVE og utvida plangrensa.

**Grunneigarar 34/13 og 34/3**

Grunneigarane for gnr 34 bnr 13, Otto Kvingedal og Solveig Hjørdis Kvingedal, og grunneigarane for gnr 34 bnr 3, Kjell Hope og Reidunn Karin Hope skriv at dei ikkje har noko merknad til reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass. Dei skriv vidare at dei seier seg villige til å gje frå seg grunn til utviding av vegen ned til gravplassen og ber om at det vert jamna ut eit område til samleplass for ved bortafor den kappe svingen i vegen ned til gravplassen.

**Rådmannen sin kommentar**

Rådmannen er takksam for at ein kan få veggrunn til offentlege formål og peiker på at avtaler knytt til grunnavståing vert eigne saker og ikkje noko som vedkjem reguleringsplanarbeidet.

**Harry Hindenes**

Harry Hindenes krev at grensa mellom gnr 35 – Mjanger og gnr 34 – Hope vert ført på kartet. Skriv. Han skriv vidare at sidan jordskifte av utmarka for gnr 34 bnr 3, 4, 5, 6 og 13 ikkje er sluttførd, er det ikkje noko lovleg jordskiftskart over området og skogteigane er difor som dei var.

**Rådmannen sin kommentar**

Eigedomsgrenser skal ikkje visast i reguleringsplankart.

**Hordaland fylkeskommune**

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise aktsemd og til straks å melde frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyte på automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har med dei atterhald som er nemnt om kulturminne ingen vesentlege merknader til planforslaget.

## VURDERING

Arbeidet med reguleringsplanen for Skjerjebakken stod fastlåst i lang tid grunna motsegna frå Statens vegvesen. Rådmannen såg det som heilt urimeleg å innarbeide kravd siktsone då det ville innebere store naturinngrep. Statens vegvesen meinte at når dei ikkje sette rekkefølgjekrav på samstundes opparbeiding av gravplass og nytt kryss, måtte siktsoner etter dagens krav inn i reguleringsplankartet.

I denne tida vart det engasjert geolog både for å sjå på merknaden frå NVE og å vurdere tryggeleiken for tilkomstvegen. Under synfaringa vart kommunen gjort merksam på ustabile parti i skjeringane på vegen ned til gravplassen. Det vart tilrådd reinsk og fjerning av einskilde lause blokker. Dette arbeidet er utført.

Statens vegvesen tok i januar initiativ til ei felles synfaring mellom dei, kommunen og kyrkja for vurdering av alternativ avkjørsle. Bakgrunnen for synfaringa var ein søknad dei hadde fått om etablering av nytt kryss på fv 570 i samband med bygging av nytt bustadhus på gnr 34 bnr 13. Vilkår for å tillate eit nytt avkjøringspunkt på dette strekke, var at ein avkjørsel vart sanert.




Synfaringa konkluderte med at den omsøkte avkjørsla kunne og nyttast som ny avkjørsle til gravplassen slik skissa viser, og at ein kunne omgjere dagens veg frå køyreveg til gangveg. Det er og mogeleg å etablere

parkeringsplassar der ny tilkomstveg møter dagens veg.

Behov for fleire parkeringsplassar kan løysast ved å utvide / planere samleplass for tømmer på oppsida av fv (etter avtale med grunneigar).

Rådmannen fann då grunn til å avgrense reguleringsplanen til berre å gjelde sjølve grav-plassen med begrensa tilknytt vegareal slik skissa under viser.




# KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsplan for Skjerjebakken gravplass vert vedteken slik han ligg føre.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 21.06.2012 vert vitna:**

| | | |
|---|---|---|
| Karstein Totland<br>Ordførar | Arthur Sjursen<br>kommunestyremedlem | Lene H. Kvamsdal<br>kommunestyremedlem |